



SOGNDAL KOMMUNE



ÅRSMELDING 2010

1.0 INNLEIING	2
1.1 Kommunen sitt styringssystem	2
1.2 Økonomisk resultat	3
1.3 Status på prioriterte område	3
2.0 HOVD TAL FOR ØKONOMI	8
2.1 Driftsrekneskapen	8
2.2 Investeringsrekneskapen	11
2.3 Analyse av hovudtal	12
3.0 TENESTEEININGANE	17
3.1 Kultur	17
3.2 Plan og næring	19
3.3 Kommunalteknikk	20
3.4 Barn og unge	22
3.5 Helse og sosial	24
3.6 Pleie og omsorg	27
3.7 Barnehagar	33
3.8 Fjærland oppvekstsenter	35
3.9 Norane oppvekstsenter	37
3.10 Kaupanger skule	39
3.11 Skulane i sentrum	40
3.12 Tverrgående områder	42
3.12.1 Støtteining Tenestetorg/IKT	42
3.12.2 Støtteining økonomi og personal	43
3.12.3 Fag og utvikling.....	44
3.12.4 Politisk verksemd	53

Vedlegg:


- 1.Årsmelding kraftfond II
- 2.Utvalde kostratal

1.0 INNLEIING

Årsmeldinga skal vise om administrasjonen har gjennomført dei resultatmåla som kommunestyre har vedteke for 2010, og om det har skjedd innafor dei økonomiske rammene som kommunestyre har gjeve. Årsmeldinga og årsrekneskap er rådmannen sin rapport til kommunestyret.

1.1 Kommunen sitt styringssystem

For å sikre at mål og andre styringssignal frå politikarar blir følgd opp har kommunestyret vedteke eit styringssystem for kommunen. Systemet skal bidra til at alle i kommunen arbeidar mot same mål, og at vi saman dreg "lasset" i ønska retning. Styringssystemet til kommunen er tufta på prinsippa i balansert målstyring. Gjennom kommunen sitt årshjul vert måla frå kommunestyret og tiltak for å nå dei, implementert i verksemdsplanar og oppfølging rapportert gjennom tertialrapportar og årsmelding. Følgjande figur viser hovudelementa i kommunen sitt styringssystem og årshjul:



1.2 Økonomisk resultat

Det vart ved 1. tertial vist eit samla økonomisk forventa resultat for kommunen i 2010 med eit stort underskot. På dette grunnlaget gav rådmann melding til alle driftseiningar om å halde att på bruk av økonomiske midlar. Hausten 2010 kom det ikkje-budsjetterte auka inntekter på over 3 mill. kroner, m.a. 1,4 mill. i auka rammeoverføring, auka løyvingar til barnehage og auka løyving til ressurskrevjande brukarar. Desse forholda gjer at vi kan leggja fram eit null-resultat for 2010, dvs. at samla inntekter er i samsvar med samla utgifter, inkl. bruk og avsetning til fond. Rådmann har nytta fullmakta til å avsetja ikkje-budsjetterte meirinntekter knytt til Kraftfond II og flyktningetenesta.

Drifta viser eit samla meirforbruk på 2,5 mill. kroner, ein nedgang frå 4,3 mill i 2009. Det er serleg tenesteområda kommunalteknikk, helse og sosial og pleie og omsorg som har eit meirforbruk. Innafor barnehage og skule er det eit stort mindreforbruk. Hovudtal økonomi viser ein samla mindreforbruk på 2,5 mill. kroner Det vert vist til oversynet i punkt 2.1.

Investeringane er i det vesentlege gjennomførde innafor løyvingsrammene.

1.3 Status på prioriterte område

1. Vi skal vidareføre fornyingsarbeidet i kommunen ved m.a. å presentere ny nettside, innføre nytt løns- og personalsystem. Utarbeide ei eigarskapsmelding og vurdere overgang til papirlaust politisk arbeid.

I samarbeid med kommunane Balestrand, Leikanger og Luster vart ny nettside opna den 29. november. Sida til kommunen er vurdert til den beste nettsida til offentleg verksemd i fylket og den 11. beste i landet.

Vi har i samarbeid med fylkeskommunen og kommunane Balestrand, Leikanger og Luster gått inn avtale med Visma om kjøp av nytt løns- økonomi og personalsystem (LØP-system). Arbeidet med innføring av det nye systemet er starta opp, og nytt system vil bli teken i bruk frå 1.4.2011, med full innføring av alle fagsystem/delprogram i løpet av 2011. Det vil vere eit omfattande arbeid knytt til innføring og opplæring i nytt system.

Det er sett ned ein sakskomité for arbeidet med ei eigarskapsmelding. Komiteen skal leggja fram si endelege tilråding innan juni 2011.

Kommunestyret gjorde i juni vedtak om å innføre papirlaust politisk arbeid frå 01.07.10. Papirlaust politisk arbeid inneber at møteinnkallingar, saksdokument, møteprotokollar m.m. berre vert sendt elektronisk. Ordninga vart teke i bruk frå første politiske møte etter sommarferien. I løpet av hausten er det gjort erfaringar med ordninga, og tilpassingar vert gjort slik at ordninga skal fungerer best mogleg.

2. Vi skal følgje opp samhandlingsreforma ved å lage ein plan for det førebyggjande helsearbeidet og planleggje og gjennomføre utvidingar av helse- og omsorgstenestene i kommunen, slik at kommunen sjølv kan levere tenester som førstelinetenesta skal ta over frå spesialisthelsetenesta.

Det er laga ein plan for dei førebyggjande helsearbeidet. Planen vert lagd fram til orientering til formannskapet og kommunestyret i samband med økonomiplanen for 2011-14. Dei tilrådde tiltaka må vurderast innafor tilgjengelege budsjettmidlar.

Stortinget har i 2010 løyvt 33 mill. kroner til utvikling av lokalmedisinske sentra og kommunesamarbeid. I tråd med kommunestyret sitt vedtak sende rådmannen ein førespurnad om

samarbeid til Luster, Leikanger og Helse Førde. Ingen av dei fann på det tidspunktet grunnlag for å delta i søkjeprosessen pga uvisse knytt til samhandlingsreforma og spesialisthelsetenesta. Sogndal kommune søkte om midlar til å utvikla eit lokalt tilbod før, etter og i staden for innlegging på sjukehus og til å vurdere røynslar frå andre kommunar og fylke med sikte på betre legerekrutteringa/stabilisere legetenesta i eigen kommune. Vi fekk ikkje midlar til dette i 2010.

Vi har arbeidd vidare med grunnlaget for utbygging av SOS. Rådmann har oppnemnd ei prosjektgruppe for planlegging av utbygging av SOS. I tillegg til medarbeidarar i kommunen er tillitsvald frå NSF/FF, representant frå eldrerådet og rådet for funksjonshemma invitert med i gruppa. Prosjektgruppa har fått følgjande mandat:

”Prosjektgruppa skal med bakgrunn i 10 på topp-punktet lage eit romprogram for utbygginga. Det skal serleg leggjast vekt på løysingar som gjev grunnlag for effektiv drift. Det skal vidare leggjast vekt på løysingar som gjev grunnlag for framtidige utbyggingsbehov. Prosjektgruppa skal òg vurdere om det er kommunale helse- og omsorgsfunksjonar som i dag er lokalisert utanfor SOS, som det vil vera teneleg å lokalisere til SOS. Prosjektgruppa skal vurdere kostnader ved ei utbygging, kor store delar av desse som kan finansierast ved tilskot og verknader for driftskostadar ved utbygginga.

Leiars/sekretær i gruppa skal halde rådmann orientert om arbeidet i gruppa, og syte for informasjon til tilsette innafor pleie- og omsorgstenesta om at dette arbeidet vert starta opp og om tilrådinga frå prosjektgruppa når den ligg føre.

Prosjektgruppa bør knyte til seg arkitektfagleg kompetanse. Det vert sett av inntil 200 000,- kroner til dette arbeidet.

Rapporten frå prosjektgruppa skal liggja føre innan 1.6.2011. ”

Kommunen har nyleg kjøpt eit areal på vel 6 mål bak SOS - Stitoppen. Utbygginga av SOS skal planleggjast innafor det arealet som er tilgjengeleg for SOS i dag med tillegg av heile eller delar av Stitoppen. Før Stitoppen ev. kan nyttast til utbyggingsføremål, må det gjennomførast ein reguleringsplanprosess.

3. Vi skal følgje opp strategisk skuleplan og "Sats på skulen - snu Sogn" programmet, og vi skal byggje siste del av Kvåle skule

Skulane prioriterer følgjande delmål i strategisk skuleplan i 2010:

- Tilpassa opplæring og læringsstrategiar
- Overgang ungdomsskule/vidaregåande skule
- Dei regionale fagnettverka
- Styrke samhandlinga mellom skuleeigar og skuleleiar

Stjernepunkt 2 og 3 er òg del av ”Sats på skulen – snu Sogn” programmet.

Det er sett i gang eit prosjekt om tilpassa opplæring/spesialundervisning som ein del av KS sitt samhandlingsprosjekt. Dette vil verte ferdigstilt i 2011. Alle skulane har jobba med læringsstrategiar og har delteke på dei regionale fagnettverka. Det er etablert eit godt samarbeid mellom rådgjevarane på ungdomssteget og på vidaregåande skule og eit samarbeid mellom ungdomsstega på Kaupanger skule og Kvåle skule. Det er utarbeidd eiga pedagogisk årsmelding i samband med dialogmøtet. Det har vore eitt temamøte i kommunestyret med skule som tema. Kommunen er representert i programstyret for Sats på skulen – snu Sogn.

Utbygging av siste del av Kvåle skule er på om lag 900 m² og inneheld klasserom, grupperom, garderobe/toalett, datarom, musikkrom, auditorium og scene med fastamfi og rulleamfi.

Arbeidet vart i det vesentlege gjennomført i 2010, med innflytting i klasseromsdelen i januar 2011, og i resten av bygningen i mars 2011.

4. Vi skal leggje til rette for utbygginga av Sogndal vidaregåande skule og Sentralbygget til Høgskulen i Sogn og Fjordane og gjennomføre utbygging av Kvåle stadion, slik at Fosshaugane campus står fram som eit framtidretta fylkessenter for utdanning, forskning og idrett, og vi skal leggje til rette for auka samhandling mellom partane på Fosshaugane Campus.

Utbygging av Sogndal vidaregåande skule går etter planen, med innflytting sommaren 2011. Fylkeskommunen ønskjer å halde fram utbygginga, med overføring av Gymnasbygget til Statsbygg og utbygging av ny allmenfag-del. Også denne delen er ferdig planlagt som del av utbygginga, men tidspunkt for gjennomføring av denne delen vil vera avhengig av sal av Gymnasbygget.

Utbygging av sentralbygget har starta opp, men sikte på ferdigstilling sommaren 2012. Statsbygg/HSF vil utarbeide ein campus-plan, for på den måten å synleggjere korleis deira område på Fosshaugane campus kan vidareutviklast også etter utbygging av Sentralbygget.

Kommunen har gjennomført innløyising av all festegrunn knytt til Fosshaugane campus. Prinsippa for ny fordeling av areal etter framtidig bruk av området er gjennomført, og ny oppmåling vil bli gjennomført på barmark i 2011.

Utbygging av nærmiljøanlegget på Kvåle stadion er sett i gang. Arbeidet vil vere ferdig innan sommaren 2011. Det vert arbeidd med løysningar for finansiering av oppgradering av eksisterande del av Kvåle stadion. Sogndal Fotball arbeider òg med finansiering av siste del av utbygging av Fosshaugane stadion.

Det vert òg arbeidd med utvikling av innhaldet på Fosshaugane campus. Det vert årleg gjennomført ein idédugnad om utvikling av samhandling mellom dei som er lokalisert på Fosshaugane campus.

5. Vi skal gjere strandsona i Sogndal sentrum tilgjengeleg for allmenta ved å leggje til rette for allmenn bruk av friluftsområda på Hagelin-nesa, byggje ut friområde med badelagune på Øyane, leggje til rette for næringsutvikling og auke sjønær aktivitet, leggje til rette for cruisemottak, byggje gangsti og ny bru over Sogndalselva som bind saman friområde på Øyane og dampskipskaaien, samt fullføre fjordstien frå Rusebakken til næringsområdet på Nestangen

Drøfting om avtale om allmenn bruk av friluftsområda på Hagelin-nesa vil starte opp etter at endeleg skjønn for overtaking av grunn m.v. i området ligg føre. Friområdet med badelagune på Øyane er stelt i stand, tilplanta og sådd i. Privat reguleringsplan for ytre Øyane har lege ute til offentleg ettersyn i 2010. Planen legg grunnlag for næringsutvikling og auka sjønær aktivitet i området, inkl. anlegg for tendarbåtar. Sogn Næring har arbeidd med føresetnadane for etablering av cruisemottak i området, men dei økonomiske føresetnadene for utbygging av cruisekai har ikkje vore til stades.

Reguleringsplan for standsona i sentrum, med fjordsti frå Rusebakken mot Nestangen, vart vedteken i kommunestyret 10. juni. Planen vart påklaga, men Fylkesmannen tok ikkje klagene til følge, og planen er endeleg stadfesta. Arbeidet med anbudsunderlaget for fjordsti og elvepark vart starta opp i 2010. Reguleringsplan for ny bru over Loftesnes, med fjordsti frå Ronas til Nestangen vart vedteken i kommunestyret 10. juni. Statens vegvesen planlegg byggjearbeid i 2012. Det er etablert god kontakt med fylkeskommunen og Direktoratet for naturforvaltning for å få tilgang på midlar til innløyising av friområde.

6. Vi skal delta i bygdeutviklingsprogrammet for Amlabukta og anlegge ny kyrkjegard knytt til Kaupanger stavkyrkje

Sogndal kommune løyvde i 2008 kr. 60 000 fordelt på tre år til bygdeutviklingsprogrammet for Amlabukta. Programmet inneheld mange delprosjekt, m. a. etablering av kultursti. Det er vidare løyvd SMIL-midlar til finansiering av delprosjekta. Programmet er no i avslutningsfasen, og det skal oppsummerast med ein sluttrapport og korleis dei vil vidareføre arbeidet.

Vidare har kommunen i samarbeid med Amlabukti grendalag delteke i utviklinga av område ikring Kaupanger ferjekai. Det er løyvd til saman kr. 735 000 til ulike tiltak, mellom anna ballbinge, gjestebrygge, stupetårn, toalett og ei generell opprusting av kaiområdet. Prosjektet og samarbeidet vert vurdert som vellukka. Prosjektet skal avsluttast med eit rekneskap og ein sluttrapport.

Arbeidet med reguleringsplan for ny kyrkjegard knytt til Kaupanger kyrkjegard vart starta opp med møte med fellestrådet og innhenting av grunnlagsmateriale. Arbeidet vil halde fram i 2011.

7. Vi skal lage plan for opprusting av Mundal sentrum, starte gjennomføring av planen og arbeide for gode løysingar i Fjærland etter fjerning av bomstasjonen

Plan for opprusting av Mundal sentrum er laga. Vi har gjort avtale om overtaking av grunn. Vi har fått ei løysing på 975 000 frå tettstadmidlar frå fylkeskommunen til denne utbygginga. Prosjektering av utbygginga er i gang i samarbeid med Bygdautvalet.

Vi har i samarbeid med Bygdeutvalet og Statens vegvesen greidd ut ny av- og påkøyrsløyve knytt til krysset ved Bremuseet, med bru over elva. Statens vegvesen har dekkja kostnadene ved denne utgreiinga. I samband med avvikling av bomstasjonen i Fjærland fekk kommunen ei gåve på 5 mill. kroner ut utbygging av nytt kryss, inkl. ny bru over elva. I tillegg er det sett av 3 mill. frå midlar knytt til nedlegging av bomstasjonen.

8. Vi skal gjennomføre ein by – og tettstadskonferanse om Sogndal sentrum, og leggje til rette for utbygging av ein sikker, miljøforsvarleg og effektiv veg frå Sogndal sentrum til Kaupanger, med m. a miljølok i Gravensteinsgata og ny Loftesnesbru.

Det er gjennomført by – og tettstadskonferanse om Sogndal sentrum. Oppsummering av konferansen er drøfta i formannskapet og kommunestyret, og på bakgrunn av denne har kommunen sendt brev til Statens vegvesen om vidare arbeid med planar og tiltak knytt til Gravensteinsgate. Dei langsiktige strategiane knytt til miljølok i Gravensteinsgate er teke inn i den reviderte samfunnsdelen av kommuneplanen.

Reguleringsplan for ny Loftesnesbru er vedteken i kommunestyret. Statens vegvesen gjer no prosjekteringsarbeid. Byggjestrart er venta i 2012.

9. Vi skal medverke til å vidareutvikle Sogndalsdalen til eit velfungerande rekreasjons – og turområde for allmenta og eit attraktivt reiselivsmål basert på området sine unike natur og kulturkvalitetar, med auka hyttebygging, og utbygging av Sogndal skisenter.

Det ligg ikkje føre søknad om utbygging av regulerte hytteområde i Hodlekveområde, sjølv om kommunen gjennom reguleringsplan m. v har lagt til rette for dette. Kommunen har samarbeidd med Bratt moro AS om utforming av søknad frå Bratt moro AS til Kommunal – og regionaldepartementet om støtte innafor ordninga med bulyst-midlar. Prosjektsøknaden fekk ikkje støtte. Vi vil, gjennom Sogn Næring, vurdere tiltak for auka næringsverksemd i Sogndalsdalen.

10. Vi skal medvirke til å vidareutvikle Fjellsportfestivalen til å bli ein leiande og levedyktig festival innafor sitt område, med fokus på kunnskap, opplevingar og kultur, og med lokal forankring.

Vi bidreg med økonomisk støtte til Fjellsportfestivalen, og på andre måtar støttar festivalen. Fjellsportfestivalen vart arrangert for tredje gong i februar 2010, med 861 selde BrattPass, ein auke frå 350 første året og vel 700 andre året. Deltakinga under festivalen er langt større. Grovteljingar viste at det under Barnas Dag på Selseng var 1200-1400 menneske samla, og vel 5000 menneske var innom Sognahallen i løpet av festivalperioden

Høgskulen i Sogn og Fjordane peikar på at Fjellsportfestivalen er ein årsak til auka studentrekruttering dei siste to åra. Fjellsportfestivalen legg ned store ressursar i å vera attraktiv for media og har eit nært og forpliktande samarbeid med NRK som lagar ei rekkje program frå festivalen. For å halda posisjonen som dei viktigaste og største festivalen av dette slaget i Noreg, må Fjellsportfestivalen utviklast vidare, både med omsyn til innhald og kvalitet.

2.0 HOVUDTAL FOR ØKONOMI

Det vert vist til omtale i årsmeldinga under kapittel 1.3 økonomisk resultat. I kapitla for økonomi vert det lagt vekt på å kommentere avvik rekneskap mot revidert budsjett, og sentrale trekk i utviklinga for hovudtal i rekneskap og balanse.

2.1 Driftsrekneskapen

Det vert vist til følgjande oppstillingar i rekneskapen: Hovudoversikt drift, rekneskapsskjema 1A og 1B og vedlegg 1 driftsrekneskapen pr. tenesteeining. Kommunen har eit rekneskapsmessig resultat på kr.0. Rådmann har fullmakt til å avsetje meirinntekter som gjeld statstilskot flyktingtenesta, norskopplæring og avkastning kraftfond II. Fullmakta er nytta inntil rekneskapsmessig balanse er nådd. For tenesteeiningane er det eit meirforbruk på 2,5 mill. Sjølv om det er store avvik på nokre av einingane er det totalt sett ei klar betring frå 2009 då meirforbruket var på 4,3 mill. For 2011 er det føreteke ein del korrigeringar i budsjettet for fleire av tenesteeiningane som i stor grad vil utlikne desse avvika.

Tabellen nedanfor viser avvik for kvar tenesteeining og avvik for generelle postar som ikkje er knytt til tenesteeiningane. Avviksforklaring for den enkelte tenesteeining vert omtala under kapittel 3.

Hovudtal frå driftsrekneskapen (i heile 1000)

Tenesteområde	Mindreforbruk	Meirforbruk
Kultur	350	
Plan og Næring		338
Kommunalteknikk		4 407
Barn og unge		85
Helse og sosial		2 467
Pleie og omsorg		3 209
Barnehagar	2 343	
Fjærland oppvekstsenter	157	
Norane oppvekstsenter	267	
Kaupanger skule	207	
Skulane i sentrum	1 001	
Støtteining økonomi og personal	247	
Støtteining tenestetorg og IKT	179	
Fag og utvikling	3 314	
Politisk verksemd		98
	8 065	10 604
Meir/mindreforbruk tenesteområda		2 539
Skatt	607	
Rammetilskot, inntektsutjevning	1 415	
Eigedomsskatt	158	
Netto renter	1 601	
Avdrag		123
Avkastning/tap verdipapirfond	789	
Momskompensasjon investering		1 428
Utbyte og eigaruttak		351
Andre tilskot og overføringar	284	
Overføring til investeringsrekneskapen		24
Lønsoppgjjer 2010		167
Reguleringspremie, overf. premiefond, premieavvik	444	
Avsetjing fond		1 031
Bruk av fond	365	
	5 663	3 124
Meir/mindreforbruk hovudtal	2 539	
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	0	0

Skatt på inntekt og formue

Med grunnlag i KS sin prognosemodell var det budsjettert med ei samla skatteinntekt på 144,1 mill. Samla skatteinntekt for 2010 vart i underkant av 144,7 mill, dvs ei meirinntekt på kr.0,6 mill. Dette utgjer i prosent eit avvik i forhold til budsjettet på 0,42%.

Rammetilskot

I budsjettet var det lagt til grunn ein auke i rammetilskot på 4,5% i forhold til rekneskapstal for 2009, noko som gav eit budsjett på 89,8 mill. Meirinntekt rammetilskot er på totalt kr. 1,4 mill., og er knytt til ekstraløyving frå staten i samband med "verdighetsgarantien".

Eigedomsskatt

Meirinntekt eigedomsskatt er på kr. 158 000. Eigedomsskatt på verk og bruk er i samsvar med budsjett. Meirinntekter gjeld eigedomsskatt på anna fast eigedom.

Renter

Renteinntekter: Samla mindreinntekter renter kr. 59 000 skuldast mindreinntekter på bankinnskot med 114 000 og mindreinntekt renter på utlån med kr. 14 000. For morarenter og gebyr er det meirinntekter på kr. 68 000 som følgje av at det ikkje er budsjettert med inntekter på desse postane.

Renteutgifter: Mindreforbruk renteutgifter kr 1,6 mill. Sogndal kommune har hovudtyngda av lån i kommunalbanken. Renta i kommunalbanken for 2010 har lege mellom 2,2 og 2,6% effektiv rente. Det var i utgangspunktet budsjettert med eit rentenivå på 4,3%. Budsjettet vart noko nedjustert i samband med første tertial.

Avdrag

Avdrag på lån har eit meirforbruk på 123 000. Dette skuldast at det var rekna avdrag kun for eit halvt år for eit av låna, medan det er betalt for heile året. Avviket utgjer eit meirforbruk på 0,74% i forhold til budsjettet. Vi viser og til kap 2.3 under punktet for langsiktig gjeld.

Avkastning verdipapirfond

Avkastning verdipapir har ei meirinntekt på kr 800 000. Det var i utgangspunktet budsjettert med 1 mill i avkastning. Første halvdel av 2010 var prega av store svingingar i aksjemarknaden og som følgje av dette vart budsjettet justert ned til 0,5 mill etter første tertial. Andre halvår var prega av sterk oppgang på børsane slik at avkastinga for 2010 vart på nærare 1,3 mill. Dette gir ei gjennomsnittleg avkastning på 10,2% for 2010. For spesifikasjon vert det vist til note 10 i rekneskapen.

Utbyte og eigaruttak

Mindreinntekt kr. 351 000 skuldast at det var budsjettert med eit samla utbyte frå Sognekraft på 35 mill. Sogndal sin del av dette er 10,98% dvs eit utbyte på 3 845 000. Samla utbyte frå Sognekraft vart på 30 mill. For Sogndal utgjer dette kr. 3 294 000. Det var ikkje budsjettert med utbyte frå Sentrumsbygg, men her vart utbyttet kr. 200 000.

Mva-kompensasjon investering

Mindreinntekt mva-kompensasjon investering er kr 1,4 mill. Mva-kompensasjon som gjeld investering vert budsjettert ut frå planlagde investeringar i året. Kompensasjon vil variere med framdrifta på investeringsprosjekta. Reduksjon i mva-kompensasjon fører til tilsvarande reduksjon i overføringar til investeringsrekneskapen.

Andre tilskot og overføringar

Samla meirinntekter på postane som er omtala nedanfor er på kr. 284 000.

Investeringsstilskot sjukeheimar og omsorgsbustadar vert budsjettert etter prognose frå husbanken og inneheld ein rentedel og ein avdragsdel. Det var budsjettert med inntekter på 4,1 mill. Det var budsjettert med ein føresetnad om høgare renter, og tilskotet er 1,47 mill mindre enn budsjettert.

Rentekompensasjon skulebygg er budsjettert med 2,36 mill. Som ovanfor er det også her lagt til grunn ei høgare rente i budsjettet. Mindreinntekter er på 1,27 mill. Det er ikkje budsjettert med rentekompensasjon kyrkjebygg. Dette gav ei meirinntekt på kr. 70 000. Statstilskot flyktningar er budsjettert med 6,6 mill., og vi fekk her meirinntekter på 1,96 mill. For konsesjonsavgift er det ei mindreinntekt på 36 000 og for konsesjonskraft er det meirinntekter på kr. 746 000. Avsetjing til seinare fordeling gjeld utgifter til lærlingplassar og har eit mindreforbruk på 274 000 som skuldast vanskar med å rekruttere til læreplassane.

Overføring til investeringsrekneskapen

Overføring til investeringsrekneskapen gjeld i hovudsak overføring av mva-kompensasjon frå investeringar. Det er budsjettert med ei overføring av all mva-kompensasjon.

Lønsoppgjjer 2010

Resultat av lønsoppgjjeret er eit meirforbruk på kr 170 000. Det var avsett 4,85 mill til lønsoppgjjeret inkl. sosiale utgifter. Lønsoppgjjeret vart på totalt 5,02 mill

Pensjon: Reguleringspremie, overføring premiefond og premieavvik.

I tillegg til pensjon som er fordelt på einingane i vedteke budsjett vert det avsett ein fellespott til seinare fordeling som gjeld reguleringspremie, overføring frå premiefond og premieavvik. For 2010 var det eit samla mindreforbruk på kr. 444 000. Dette fordeler seg som vist nedanfor.

Tal i heile 1000	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Reguleringspremie	8 502	10 438	-1 936
Overførd premiefond	-2 286	-2 566	280
Premieavvik	-1 038	-3 138	2 100
Sum	5 178	4 734	444

Avsetjingar

Det er avsett kr. 1 031 000 meir enn budsjettert. For disposisjonsfond er det avsett 1 467 000 kr meir enn budsjettert. Avsetjinga gjeld meirinntekter avkastning kraftfond II og statstilskot flyktningtenesta som er avsett etter fullmakt frå kommunestyret i sak 0055/10 om endring i delegasjonsreglement. For bundne fond er det avsett kr. 436 000 mindre enn budsjettert som gjeld avsetjing av renter på VAR-fond, konsesjonsavgiftsfond og næringsfond. Dette skuldast at renta har vore lågare en føresett i budsjettet.

Bruk av avsetjingar

Det er brukt kr 365 000 meir enn budsjettert. Dette gjeld opprydding i gamle bundne fond som er nytta til finansiering av diverse prosjekt i investeringsrekneskapen. Bruk av disposisjonsfond er i samsvar med budsjett.

2.2 *Investeringsrekneskapen*

Det vert vist til følgjande oppstillingar i rekneskapen: Hovudoversikt investering, rekneskapsskjema 2 A og B og vedlegg nr 2 investeringsrekneskapen pr. prosjekt. Avvik mellom rekneskap og budsjett i investeringsrekneskapen skuldast i hovudsak prosjekt som går over fleire år og ikkje budsjettert sal av fast eigedom som t.d. tomter. For prosjekt som går over fleire år har praksis vore å budsjettere heile beløpet i oppstartsåret. Dette vil naturleg nok medføre store avvik for det enkelte år, sjølv om prosjektet vert gjennomført innafør investeringsramma. Kommentara nedanfor vil kun omhandle prosjekt som er avslutta i 2010 og som har avvik på meir enn 50 000 i forhold til budsjetteramma.

Prosj. 100 IKT-investeringar

Vi har gjennomført følgjande ikt investeringar i 2010:

Fornyng/oppgradering av utstyr	kr. 488 985
Trådløs sone skulane og kommunehuset	kr. 108 419
Nye nettsider	kr. 286 620
Nytt barnevernsprogram	kr. 154 330
Oppgradering av fagprogrammet Gerica	kr. 100 000
Oppgradering av fagprogrammet HsPro	kr. 156 250
<u>Nytt løns- og personalsystem</u>	<u>kr. 344 678</u>
Sum IKT investeringar	kr. 1 639 281

Det var budsjettert med 1,1 mill i 2010. I tillegg var det igjen ubrukte lånemidlar frå tidlegare år kr. 359 000 dvs totalt kr 1 359 000 til disposisjon. Sum investeringar vart på over 1,6 mill og gir difor eit meirforbruk på 177 000. Meirforbruket skuldast investeringskostnader til LØP-prosjektet. Eksisterande barnevernsprogram vart fasa ut, og det var behov for nytt program. Oppgradering av dei to fagprogramma er tilpassa til å ta i bruk Norsk Helsennett.

Prosj. 110 Bygg til fordeling

Det er budsjettert med kr. 150 000. Løyvinga er ikkje nytta.

Prosj 0704 Stedje kapell

Meirforbruk kr. 190 000 som m.a. skuldast utskifting av massar inkl. drenering rundt bygget, varmekablar i utvendig inngangsrampar, innvendige belysning m.v.

0942-Barsnes vassverk

Meirforbruk kr 287 000 gjeld manglande innbetaling av tilknytingsavgift frå brukarane.

1025 Rulleamfi Kvåle skule

Kr. 723 000 er ikkje budsjettert i investeringsrekneskapen, men er finansiert innanfor driftsramma til skulane i sentrum og overført til investeringsrekneskapen.

1031-1032 Friluftsbarnhage Kjørnes

Arbeidet er ferdig med eit meirforbruk på 73 000. Meirforbruket gjeld tilkopling av vatn og avløp til eksisternade leidningar og innkjøp av inventar.

1041 Kunstisgrasbane Norane

Kr 451.000 er ikkje budsjettert i investeringsrekneskapen, men er finansiert med overføring frå fylkeskommunen og private. Mva-kompensasjon kr. 90 000 frå prosjektet er nytta i finansieringa.

1090 Eigenkapitalinnskot 2010

Faktura frå KLP var på 610 000. Det var budsjettert 465 000.

2.3 Analyse av hovudtal


Kapitlet tek for seg analyse av hovedtal med utgangspunkt i dei økonomiske oversiktane for drift, investering, balanse og utvalde kostratal samanlikna med kostragruppe 8 og heile landet.

Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat viser resultatet av den ordinære drift inkludert avskrivningar. Resultatet korrigert for avskrivningar gir uttrykk for kommunen si evne til å nedbetale lånegjeld, evne til å finansiere investeringar ved overføringar frå drift og evne til å avsetje midlar til seinare bruk. Det er budsjettert med eit positivt brutto driftsresultat på i underkant av 6,5mill. Rekneskapan viser eit positivt brutto driftsresultat på 2,1 mill dvs eit negativt avvik i forhold til budsjettet på 4,3 mill. Når det gjeld sum driftsinntekter og sum driftsutgifter viser desse store avvik i forhold til budsjettet. Desse avvika skuldast i hovudsak at utgifter på enkelte einingar ikkje er budsjettert fordi desse vert dekkja med tilsvarande ikkje budsjetterte inntekter. Når det gjeld avvik på lønsutgifter må dette sjåast i samanheng med refusjon av sjuke- og fødselspengar. Desse inntektene vert ikkje budsjetterte og utgjer i overkant av 8,8 mill. Korrigert for sjuke- og fødselspengar er meirforbruket på løn og sosiale utgifter på 5,3 mill. Det meste av dette er knytt til tenesteeiningane helse og sosial og pleie og omsorg.


Netto driftsresultat

Netto driftsresultat viser resultatet av kommunen sin ordinære drift inklusiv netto renter og avdrag, dvs kva som kan nyttast til avsetjingar og overføring til investeringsrekneskapan. Det vart budsjettert med eit netto driftsresultat på 5,99 mill. Rekneskapan viser eit netto driftsresultat på 3,65 mill, som er 2,3 mill mindre enn budsjettert. Når avviket for netto driftsresultat er lågare enn for brutto driftsresultat skuldast dette først og fremst at renteutgiftene er 1,7 mill lågare enn budsjettert.



Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene

Netto driftsresultat i % av driftsinntektene var i 2010 på 0,8%. Som vist nedanfor har dette normtalet hatt ei negativ utvikling dei siste 5 åra. Kostratala viser at den negative utviklinga også gjeld for kostragruppe 8, men Sogndal kommune har eit dårlegare resultat enn kostragruppa i 2010. Etter tilråding frå departementet bør dette normtalet vere på minst 3%. Når dette normtalet er lågare, betyr det at kommunen har mindre handlingsrom for sparing og eigenfinansiering av investeringar.



Utvikling i driftsinntekter og driftsutgifter

Tabellen nedanfor viser utvikling i kommunen sine driftsinntekter og driftsutgifter pr artsgruppe i prosent av samla driftsinntekter og driftsutgifter. Samanliknar vi kostratala med gruppa ligg kommunen litt under kostragruppa når det gjeld frie inntekter pr innbyggjar. For skatt på inntekt og formue i prosent av driftsinntektene har utviklinga for Sogndal vore negativ dei siste 5 åra. Samanlikna med kostragruppa ligg Sogndal ein god del lågare. Når det gjeld statlege rammeoverføringar i % av brutto driftsinntekter ligg Sogndal noko høgare enn kostragruppa.

Inntekter:	2010	2009	2008	2007	2006
Brukarbetaling	3,76 %	4,1 %	4,3 %	4,5 %	4,4 %
Andre sals- og leigeinntekter	9,35 %	9,7 %	9,5 %	9,7 %	10,2 %
Overføringar med krav til mottying	17,7 %	17,4 %	18,5 %	18,2 %	16,6 %
Rammetilskot frå staten	20,5 %	20,4 %	18,5 %	18,7 %	17,0 %
Andre statlege overføringar	9,6 %	10,1 %	10,2 %	9,3 %	8,8 %
Andre overføringar	2,2 %	1,5 %	0,7 %	0,5 %	0,8 %
Skattar, direkte og indirekte	36,9 %	36,8 %	38,2 %	39,1 %	42,4 %
Utgifter:					
Lønsutgifter	49,5 %	49,6 %	50,7 %	50,9 %	50,8 %
Sosiale utgifter	12,2 %	12,5 %	12,5 %	12,5 %	12,8 %
Varer og tenester - inngår i komm.prod	14,5 %	13,9 %	16,2 %	16,4 %	16,2 %
Varer og tenester som erstattar komm. prod.	9,7 %	9,9 %	8,7 %	8,3 %	7,9 %
Overføringar	10,3 %	10,4 %	10,2 %	9,5 %	9,9 %
Avskrivningar	3,9 %	3,9 %	3,9 %	4,1 %	4,3 %
Fordelte utgifter	-0,1 %	-0,1 %	-1,8 %	-1,8 %	-1,9 %

Likviditet

Likviditeten vert målt ved nøkkeltal som viser forholdet mellom omlaufsmiddel og kortsiktig gjeld. Nøkkeltala viser kommunen si evne til å dekke sine kortsiktige forplikningar.

Arbeidskapitalen er definert som differansen mellom balanseført verdi av omlaufsmiddel og kortsiktig gjeld. Endring i arbeidskapitalen kjem fram ved endring i omlaufsmiddel minus endring i kortsiktig gjeld, eller ved differansen mellom tilgang og bruk av midlar korrigert for endring i ubrukte lånemidlar.

Likviditetsgrad 1 er omlaupsmiddel/kortsiktig gjeld og tek utgangspunkt i alle omlaupsmidlar. Her bør nøkkeltalet vere større enn 2 fordi nokre av omlaupsmidla kan vere mindre likvide.

Likviditetsgrad 2 tek utgangspunkt i dei mest likvide omlaupsmidla dvs kasse, bank og marknadsbaserte plasseringar, dvs midlar som innan kort tid kan gjerast om til likvidar. Her bør nøkkeltalet vere større enn 1.

	2010	2009	2008	2007	2006
Arbeidskapital (i heile 1000)	78 845	93 737	106 483	122 352	114 106
Likviditetsgrad 1	2,23	2,53	2,99	3,59	4,01
Likviditetsgrad 2	1,48	1,94	2,38	3,03	3,33

Reduksjon av arbeidskapital og likviditet dei siste åra skuldast mellom anna reduksjon i lånemidlar som følgje av at større prosjekt (Breisete -Vangestad) er fullførde. For 2010 er det i tillegg brukt 5 mill frå investeringsfond til kjøp av grunn på Fosshaugane. Bundne driftsfond er redusert med om lag 8,7 mill. Reduksjon i bundne driftsfond gjeld mellom anna bruk av norskopplæringsfond 3,4 mill, bruk av fond for vassforsyning 2,7 mill og bruk av fond Sogn regionråd 1,5 mill.

Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld omfattar dei lån som kommunen har teke opp, jf. note 11 i rekneskapsheftet, og pensjonsforpliktingar inkl. arbeidsgivaravgift. Tabellen nedanfor viser utvikling i heile 1000.

	2010	2009	2008	2007	2006
Pensjonsforpliktingar	397 701	364 684	330 507	298 811	272 092
Lånegjeld	300 749	284 250	294 003	290 766	286 056
Sum langsiktig gjeld	762 550	648 934	624 510	589 577	558 148

Sogndal kommune har størsteparten av låneopptaka i Kommunalbanken. Låneportefølja har ei gjennomsnittleg nedbetalingstid på 20 år. Kommuneloven §50 nr 7a set krav til kor mykje avdrag kommunen minimum skal betale i året. Dette vert rekna ut frå ein regel om at tal år nedbetaling av lån ikkje skal overstige vekta levetid på anleggsmidla. Vi viser til note 12 i rekneskapsheftet. Tabellen nedanfor viser utviklinga i betaling av avdrag i forhold til utrekna minimumsavdrag. Avdragsbetalinga for kommunen ligg over kravet til minimumsavdrag. Auka avdragsutgifter siste åra skuldast auka lånegjeld og avdragsutgifter på nye årlege låneopptak. Det vil ikkje vere nedbetalt eldre lån før i 2017. Dette kan og vere årsaka til at Sogndal ligg noko høgare enn kostragruppa når det gjeld renter og avdrag i % av driftsinntektene. Når det gjeld langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter viser kostratala at Sogndal ligg noko under kostragruppa.

(Beløp i heile tusen)

År	2010	2009	2008	2007	2006
Minimumsavdrag	12 329	12 211	11 601	11 434	9 360
Rekneskapsførde avdrag	16 956	15 556	14 632	14 463	13 552

Eigenkapital

Eigenkapitalen består av reelle eigenkapitalkonto og kapitalkontoen som er klassifisert saman med den bokførde eigenkapitalen. Den reelle eigenkapitalen inneheld rekneskapsmessig overskot og underskot, fond og konto for prinsippendingar. Fond er vidare oppdelt i ubundne driftsfond (disposisjonsfond), bundne driftsfond, ubundne investeringsfond og bundne investeringsfond. Utvikling i fondsavsetjingar siste åra er vist nedanfor. Saldo på fonda har vore nokon lunde stabil dei siste 5 åra, med unnatak av bundne driftsfond. Dette skuldast mellom anna store avsetjingar til VAR-fond og norskopplæringsfondet. For 2010 er desse fonda betydeleg reduserte. For ubundne investeringsfond

vart det i 2009 avsett 5,6 mill etter opphøyr av likviditetsreserven. Avsetjinga er i 2010 nytta til finansiering av kjøp av grunn på Fosshaugane.

Beløp i heile tusen)

År	2010	2009	2008	2007	2006
Disposisjonsfond	23 023	18 364	20 474	25 685	22 179
Bundne driftsfond	32 364	41 060	40 507	40 601	32 162
Ubundne investeringsfond	19 984	24 727	18 915	20 575	18 652
Bundne investeringsfond	2 284	2 037	2 986	2 913	2 512

Kapitalkontoen viser kor stor del av anleggsmidla som er finansiert med egne midlar. Som følge av stor eigenfinansiering av investeringar i 2010 har denne størrelsen auka med 1% frå 2009. Av anleggsmidlane er 23% eigenfinansiert, resten er finansiert med lånemidlar. Kostratala viser at overføringar frå driftsrekneskapen i 2010 utgjer 13,4% til finansiering av investeringar. Dette er ein god del høgare enn for kostragruppa. Årsaka til at Sogndal ligg så mykje høgare enn kostragruppa er truleg at all mva-kompensasjon vert nytta til finansiering i investeringsrekneskapen. I ein del andre kommunar vert det meste nytta i drifta.

Beløp i heile tusen)

År	2010	2009	2008	2007	2006
Kapitalkonto	201 789	180 564	171 239	156 525	142 772
Anleggsmiddel	895 177	821 844	774 953	713 762	670 424
Eigenfinansiering i %	23,0%	22,0%	22,1%	21,9%	21,3%

Memoriakonto

Memoriakonto er såkalla "hugsekonto" i kommunerekneskapen. Kontoane er obligatoriske til bruk for å halde oversikt over ubrukte lånemidlar. Kontoane kan vidare brukast for å halde oversikt på m.a. underskot i sjølvkostrekneskapen og lån frå fond som seinare skal tilbakeførast.

Memoriakonto for ubrukte lånemidlar omfattar både ubrukte lånemidlar til investeringar og ubrukte lånemidlar til utlån, dvs formidlingslån. Ubrukte lånemidlar investering er knytt til pågåande eller planlagde investeringar. Saldo for ubrukte lånemidlar investering gjeld prosjekta Kvåle skule, Kvåle stadion, VAR og nokre mindre prosjekt. Som følge av omdisponering av lånemidlar dei siste åra har kommunen ikkje nok lånemidlar til å finansiere budsjettert bruk. For 2011 vil det difor vere behov for ekstra låneopptak utover vedteke låneopptak. Oversikt over manglande lånemidlar vil bli lagd fram for formannskapet i samband med 1 tertialrapport.

Andre memoriakonto inneheld underskot på sjølvkostteneste og lån frå fond. For andre år på rad er det underskot på avlaupstenester. Det er ikkje midlar på avlaupsfondet til å dekke underskotet. Etter regelverket kan kommunen ikkje ha negative fond. Underskot på sjølvkosttenester, som ikkje kan dekkast av fond, vert då belasta driftsrekneskapen til kommunen. Underskot som ikkje er dekkast av fond utgjer kr. 1 525 000 inkl. renter. Dette kan dekkast inn at ved tilsvarande bruk av fond i seinare år. Det er førd opp eit tilfelle som gjeld lån frå fond. Det har vore budsjettert med større bruk av parkeringsfondet enn det er midlar på fondet. Rentereguleringsfondet er difor midlertidig belasta med kr. 1 035 000 og beløpet vil bli tilbakeført etter kvart som det vert midlar på parkeringsfondet.


Utvalde kostratal

		2010	2009	2008	2007	2006
Driftsrekneskapen:						
Netto driftsresultat i % av driftsinnt.	Sogndal	0,8	1,8	0,6	4,0	7,7
	Landet	2,1	2,8	-0,7	2,3	5,2
	Gruppe	2,3	2,9	-2,7	0,3	4,6
Netto renter /avdrag i % av driftsinnt.	Sogndal	3,5	3,6	5,8	5,0	4,2
	Landet	2,4	1,7	4,7	2,7	2,2
	Gruppe	3,1	2,4	6,5	3,8	2,6
Frie inntekter, kr pr. innbyggjar	Sogndal	32 947	31 516	28 667	27 215	26 496
	Landet	35 689	34 183	30 828	28 098	28 744
	Gruppe	33 080	32 714	29 575	30 160	27 501
Skatt på inntekt og formue i % av brutto driftsinntekter	Sogndal	32,5	32,8	33,8	34,5	37,9
	Landet	40,1	39,4	38,0	41,7	41,1
	Gruppe	38,3	35,7	36,4	38,6	39,8
Statlege rammeoverføringar i % av av brutto driftsinntekter	Sogndal	20,5	20,4	18,4	18,7	17,0
	Landet	18,7	18,8	19,6	17,6	19,3
	Gruppe	19,4	22,3	21,0	20,9	20,7
Kapitalrekneskapen:						
Finansieringskjelde for investeringane i %. Overføring frå driftsrekneskapen	Sogndal	13,4	7,3	6,0	24,6	15,9
	Landet	7,6	7,9	5,7	12,7	8,5
	Gruppe	6,2	2,9	3,7	5,6	3,8
Balanserekneskapen:						
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntektene 1) <i>1) inklusiv pensjonsforpliktingar</i>	Sogndal	157,1	155,8	163,6	167,0	169,4
	Landet	175,5	167,9	171,3	163,9	164,4
	Gruppe	170,5	181,6	184,7	181,9	175,2
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	Sogndal	17,7	22,5	27,9	34,7	34,6
	Landet	21,6	21,0	21,8	25,5	27,3
	Gruppe	19,0	24,6	25,5	27,7	29,5

3.0 TENESTEEININGANE

I kap. 3 går vi gjennom resultatata for kvar tenesteeining, både i høve til økonomisk resultat og måloppnåing. Utvikling i ressursbruk på teneste/funksjonsnivå går fram av kostra-tala i vedlegg 2. Dette er ureviderte tal for 2010. Endelege tal vil liggja føre i juni, og vi bli gått gjennom i eit kommunestyremøte og teke inn i samband med rullering av økonomiplanen. Førebelse kostratal viser at vi har eit aukande og høgare ressursforbruk innafor pleie og omsorg enn samanliknbare kommunar (kostragruppe 8). Vi har vidare ein marginalt høgare ressursforbruk innafor skule. Innafor barnehage, barnevern, sosiale tenester og administrasjon har vi eit lågare forbruk enn samanliknbare kommunar.

Samla driftsutgifter kr 442 mill vart fordelt slik på teneste i 2010:



3.1 Kultur

Innhald i tenesteområdet

Tenesteområdet omfattar bibliotek, lokalhistorisk arkiv, nærmiljø, idrett, friluftsliv og rekreasjon, frivillige lag og organisasjonar, allment kulturarbeid, kulturbygg, kulturhus/kino, kulturskule, arrangement og festivalar i kommunal regi og internasjonalt arbeid. Eininga har 5 årsverk

Drift og rekneskapsresultat

Tenesteområdet har eit samla mindreforbruk på kr. 350 000 – sjå omtale under kvart ansvar.

Kulturskulen i Sogn – Sogndal - ansvar 100

Sogndal sin del av drifta har eit meirforbruk på kr. 64 000 grunna auka driftsutgifter og redusert brukarbetaling i høve til det kommunen hadde budsjettert med.

Elevar frå Sogndal i kulturskulen:

2007	2008	2009	2010
197	183	187	161

I 2010 var det 24 elevar på venteliste. Det er det same talet som i 2009. Kulturskulen selde dirigenttenester til eit kor og tre korps i 2010. Det er om lag fire årsverk knytt til undervisning i Sogndal kommune. Skulen starta nytt tilbod i biletkunst hausten 2010, og det er planar om å etablere eit tilbod om drama/teater i 2011. Skulen ønskjer og å starte opp tilbod i film/video i løpet av våren 2011.

Bibliotek –ansvar 120

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 266 000. Avviket skuldast permisjonar og lite bruk av ekstrahjelp samt at fellesutgiftene i kulturhuset har vorte mindre enn budsjettet.

For dei andre ansvarsområda er det mindre budsjettavvik knytt til løn og drift.

Resultatmål 2010

Økonomi

- Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.
Resultat Eininga har eit mindreforbruk på kr. 350 000. Målet er nådd.

Brukar

- Vi skal leggje til rette for fleire digitale bibliotektenester.
Resultat: Vi har følgd opp nye tenester frå Bibliofil. Vi er aktiv formidlar av elektroniske bøker frå bokhylla.no. Vi har kjøpt inn TV, spelkonsollar og dataspel til bruk i biblioteket. Vi har utvikla ny nettside for biblioteket, og vi legg ut nye bokmeldingar på nettsida kvar månad.
- Vi skal gjennomføre to arrangement knytt til lokalhistorie.
Resultat: Vi har hatt to lokalhistoriske laurdagsmøte.
- Vi skal gjennomføre minst to tiltak knytt til formidling av litteratur for vaksne.
Resultat: Vi har hatt 6 bokkafear, 1 forfattarbesøk med støtte frå den ”Den kulturelle spaserstokken”, foredrag i samarbeid med Vestlandsforskning, skumringstime med formidling av nordiske forfattarar, boktralle på SOS og bokdepot for asylsøkjarar/flyktingar på deira eige språk.
- Vi skal gje eit tilbod om drama og biletkunst i kulturskulen.
Resultat: Biletkunst starte opp hausten 2010. Drama vart planlagd og utlyst, men kom ikkje i gong grunna manglande påmelding. Det er planlagd ny utlysing hausten 2011.

Medarbeidar

- Vi skal halde fristane i årshjulet
Resultat: Vi har halde % av fristane i årshjulet.
- Vi skal ha medarbeidarsamtale med alle tilsette med meir enn 20% stilling.
Resultat: Vi har gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.
- Sjukefråvær for eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommune.
Resultat: Sjukefråværet på eininga er på 0,5% mot 1,1% i 2009. Landsnittet for kommunane for dei tre første kvartala er på 9%.

Samfunnsutvikling

- I samband med ”Nasjonalt leseår” skal vi vidareutvikle samarbeidet med skulane og utvide tilbodet om barnehagebibliotek.
Resultat: Biblioteket er meldt inn i organisasjonen ”Bok til alle”, og vi er medvitne på innkjøp av lettlesete bøker og bøker særskilt tilrettelagt for funksjonshemma. Vi har vidareført barnehagebiblioteket og har hatt lesestunder for barnehagebarn og formidling til skuleklassar.
- Vi skal evaluere og vurdere omlegging av bibliotektenesta i Fjærland.
Resultat: Dette er gjort, og bibliotektenesta i Fjærland vert lagt om frå skulestart 2011.
- Vi skal leggje til rette for i større grad å nytte kulturkompetansen til innvandrarar og asylsøkjarar
Resultat: Plan for registrering av asylsøkjarar sin kulturelle kompetanse er utarbeidd.

Prosjektet vert vidareført i 2011 med konkrete tiltak, mellom anna framsyningar for skular/barnehagar.

- Vi skal greie ut bruken av kulturhuset etter at høgskulen flyttar ut.

Resultat: Tiltaket er utsett til 2011 som følgje av forlenging av leigeavtalen med høgskulen.

- Vi skal planlegge og gjennomføre utbygging av Kvåle stadion i samarbeid med andre aktørar i området.

Resultat: Utbygging av Kvåle stadion er planlagt i lag med partane på Fosshaugane campus. Utbygginga er starta opp for området nord for eksisterande bane, og denne utbygginga vil bli ferdig sommaren 2011.

3.2 Plan og næring

Innhald i tenesteområdet

Tenesteområdet inneheld næringsarbeid med landbruk, vilt- og fiskeforvaltning, byggesaker, brann- og feiarvesenet, kartverk, oppmåling, arealplanlegging og handsaming av saker etter ei rekke særlover, m.a. jord- og konsesjonslovverket, forureiningslova m.m. I alt er det knytt 11 årsverk til eininga.

Drift og rekneskapsresultat

Nokre tal for drifta på eininga er som følgjer (tal for 2009 i parentes):

	2010	2009
Saker i forvaltningsutvalet	105	109
Saker etter plan og bygningslova		
Regulerings- og utbyggingsplanar	12	6
Dispensasjonssaker	17	13
Avslegne dispensasjonssaker	10	8
Administrative meldingssaker	40	65
Administrative vedtak	152	226
Kart og oppmåling:		
Fullførde kart- og delingssaker	105	154
Nye rekvisisjonar	82	80
Landbruk:		
Einskildvedtak, samla	450	450
Landbruk, delegerte vedtak etter lovverk	46	21

Eininga har eit samla meirforbruk på kr 338 000 fordelt slik:

- Ansvar 200 - plan, bygning og kartverk, har eit mindreforbruk på kr 412 000 vesentleg på grunn av vakante stillingar.
- Ansvar 210 – landbruk, har eit mindreforbruk på kr 213 000 som gjeld innsparing på varer og tenester
- Ansvar 220 – skogbruk, har ei meirinntekt på kr 39 000 som skuldast feilbudsjettering på refusjon.
- Ansvar 230 – fiske og viltforvaltning, har ei meirforbruk på kr. 205 000. Av dette gjeld kr. 145 000 ekstra avsetjing til viltfondet. Det kommunale viltfondet er eit bunde fond som kommunen forvaltar til viltføremål. Fondet vart oppretta i 2000. Avsetjing til og bruk av viltfondet er regulert av: Forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort. (FOR 2001-05-23 nr 520). Etter gjennomgang av rekneskapen for viltforvaltning for åra 2000 -2009 viser det seg at det ikkje er avsett til fondet i samsvar med forskrifta. Dette gjeld m.a. renter av fondsmidlane. I tillegg er det ikkje budsjetterte utgifter til konsulenttenester med kr. 56 000.
- Ansvar 235- miljøvern og sikringstiltak har mindreforbruk på 185 000 som skuldast ikkje brukte midlar til sikringstiltak.
- Ansvar 250 – Ikkje kommunal næringsverksemd har eit meirforbruk på kr 323 000. Dette skuldast at oppgjer for produksjonsvatn til Nortura for 2009 er førd i rekneskapen for 2010. Beløpet er på kr. 300 000 pr. år og er førd dobbelt i 2010.
- Ansvar 290 – brann har eit meirforbruk på kr 647 000 som skuldast løn på brannmannskap.

- Ansvar 291- Sivilforsvaret har eit meirforbruk på 10 000 som skuldast auka utgifter til godtgjersle.

Resultatmål 2010

Økonomi:

- Vi skal ikkje ha avvik i høve budsjett
Resultat: Eininga har eit meirforbruk på kr. 338 000, jf punktet om drifts og rekneskapsresultat.

Brukarar:

- Vi skal halde alle fristar i PBL.
Resultat: Alle fristar i PBL vart haldne.
- Vi ska delta i bygdeutviklingsprogrammet for Amlabukti
Resultat: Eininga har delteke i utviklingsprogrammet og det har blitt gjennomført ei rekkje positive tiltak knytt til programmet.

Medarbeidar/interne prosessar:

- Vi skal halde fristane i årshjulet.
Resultat: Eininga har halde 29% av fristane i årshjulet.
- Vi skal ha gjennomført medarbeidersamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.
Resultat: Det er gjennomført medarbeidersamtale med alle med meir enn 20% stilling.
- Sjukefråværet på eininga skal ligge under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunen.
Resultat: Sjukefråværet på eininga i 2010 var på 1,8%, som er mindre enn gjennomsnittet for kommunen.

Samfunnsutvikling:

Vi skal gjennomføre følgjande utviklingsprosjekt i 2010:

1. Gjennomføre følgjande reguleringsplanar i eigen regi:

Kyrkjegard på Kaupanger, resultat : Førebuande arbeid er starta, planarbeidet vil verte annonsert våren 2011.

Leitevegen Nord, resultat: Planen vil verte slutført i 1. kvartal 2011.

2. Vi skal følgje opp statleg reguleringsplan for Loftesnes bru.

Resultat: reguleringsplanen for Loftesnes bru er godkjent i 2010.

3. Vi skal følgje opp arbeidet med ny trafostasjon på Skarsbøfjellet med vegtilkomst via Øvstedalen.

Resultat: Vi har arbeidd for vegtilkomst til ny trafostasjon på Skarsbøfjellet via Øvstedalen med ei rekkje innspel til OED, NVE og Statnett.

4. Vi skal vidareføre planlegging, ev. regulering, av vegline Gravensteinsgata i samband med kommunen sine målsetjingar for transportkorridorar.

Resultat Det er gjennomført Botsfor konferanse om prosjektet i 2010

5. Vi skal syte for at minst 20% av registrerte bortsette bilvrak vert levert til gjenvinning i 2010.

Resultat: Arbeidet med fjerning av bilvrak har det ikkje vore ressursar til i 2010.

6. Vi skal etablere ein jordbank i samsvar med landbruksplanen.

Resultat: Formannskapet har vedteke retningsliner for jordbank, og vi har arbeidd for å finne høveleg plassering av jordbanken.

3.3 Kommunalteknikk

Innhaldet i tenesteområdet

Tenesteeining kommunalteknikk dekker kommunale bygg og eigedomar, vatn, avløp og renovasjon, kommunale vegar, trafikktrygging, kaianlegg, parkering og parkanlegg. Eininga har 31 årsverk.

Drift og rekneskapsresultat

Eininga har eit samla meirforbruk på kr. 4,4 mill. Straumutgifter er ca 3,5 mill høgare enn for 2009. Dette skuldast stort straumforbruk og høge straumprisar. I tillegg er det som følgje av periodisering betalt 1 mill av straumutgifter for 2009 er førde i 2010. I tillegg er det om lag 0,9 mill i meirforbruk på andre område m.a på VAR.

Det vil bli teke ein grundig gjennomgang av budsjettet på eininga med fordeling av budsjettmidlane mellom dei ulike ansvarsområda i løpet av våren 2011.

Mål og resultat 2010

Økonomi:

- Vi skal ikkje ha avvik i høve budsjett
Resultat: Eininga har eit mindreforbruk på kr 4,4 mill. Jf punktet ovanfor om drift og rekneskapsresultat.

Brukarar:

- Vi skal levere vatn i samsvar med kvalitetskrav til ei kvar tid.
Resultat: Vi har levert vatn i samsvar med kvalitetskrav i heile 2010.

Medarbeidar/interne prosessar:

- Vi skal halde fristane i årshjulet.
Resultat: Vi har halde 86% av fristane i årshjulet.
- Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.
Resultat: Vi har gjennomført medarbeidarsamtale for 91 % av tilsette i meir enn 20% stilling innan fristen.
- Sjukefråværet på eininga skal ligge under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.
Resultat: Resultat sjukefråvær 5,9 %, noko som er godt under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.

Samfunnsutvikling:

- Vi skal gjennomføre følgjande utviklingsprosjekt i 2009 - 2012:
Utvide sentrumspark med toalettanlegg.
Resultat: Anlegget er ferdigstilt.
- Planlegge vidare utbygging av fjordstien frå Hagelinnset til ny Loftesnesbru, inkl. ny bru over Sogndalselva.
Resultat: Prosjekteringsoppdrag for fjordstien frå Loftesnesbrua til snøggått-kaia, samt friområde for reguleringsplan Saften, vart utlyst i 2010. Prosjekteringsoppdraget er planlagt å gjennomføre i 2011.
- Gjennomføre alle kommunale investeringstiltak:
Kommunale investeringstiltak i 2010 har slik status:
- Vi skal ruste opp VVA-anlegget i Åbergevegen.
Resultat: Prosjektet vart delt i 2 byggjesteg. Første byggjesteg er godt i gang, og prosjektet skal ferdigstillast sommaren 2011.
- Oppgradering Mundal sentrum i samarbeid med Fjærlang bygdautval.
Resultat: Skisse for oppgradering av Mundal sentrum er utarbeid. Bygdeutvalet har arrangert bygdemøte der det vart ønskja endringar i høve til skissa. Kommunen og bygdeutvalet vil halde fram samarbeidet om prosjektet i 2011.
- Utbygging av Kvåle skule trinn 2
Resultat: Prosjektet er i avslutningsfasen. Klasseromsfløyen vart ferdigstilt primo januar 2011, medan heile prosjektet innomhus vart ferdig i mars 2011.
- Utbygging av Kvåle stadion.
Resultat: Entreprenør er vald og arbeidet har starta. Anlegget er planlagt ferdigstilt juli 2011.

- Vi skal bygge ny friluftsavdeling ved Kjørnes barnehage.
Resultat: Arbeidet er ferdig.
Vegopprusting (asfalteringsprogram).
Resultat: Arbeidet er utført i samsvar med plan vedteken i budsjett (del av Naversetevegen, deler av Skogavegen, Kvernavegen Kaupanger og deler av Åbergevegen).
- Trafikktrygging. Vi skal ha gjennomført trafikktryggingstiltak i samsvar med vedteken handlingsplan og tilskotstildeling for 2009.
Resultat: Arbeid er gjennomført i samsvar med plan med unntak av Gangveg Ingafossen-Kvåle skule, gangveg mot Kaupanger skule og rundkøyning ved busstopp Ylvisåker. For gangvegane er midlane for 2010 berre tilstrekkeleg til prosjektering. Prosjektering vert ferdig tidleg i 2011, og gjennomføring er avhengig av ytterlegare midlar. Rundkøyninga ved Ylvisåker manglar oppmerking, noko som skal gjennomførast i 2011.
- Vassforsyning og avlaup.
Resultat: I 2010 vart investeringsmidlane nytta til klargjering for å knyte Barsnes vassverk til det kommunale leidningsnett, utbygging av VA i Åbergevegen og i tilknytning til Kvåle stadion og modellering av leidningsnett.

3.4 Barn og unge

Tenesteområdet omfattar Sogn barnevern, helsestasjon- og skulehelsetenesta, jordmortenesta, administrasjon barn og unge, kultur og aktivitetstilbod for ungdom, ungdomsrådet. Eininga har 19,5 årsverk.

Drift og rekneskapsresultat

Eininga har eit samla meirforbruk på kr. 85 000. Årsaka til meirforbruket er kostnadskrevjande tiltak i barneverntenesta, sjå omtale under kvart ansvar.

471 Sogn barnevern

Drift av Sogn barnevern har eit meirforbruk på kr. 51 000. Årsak til meirforbruket skuldast manglande innbetaling frå NAV på refusjon av stønad i samband med svangerskapspermisjon for perioden november-desember.

472 Sogn Barnevern -tiltak i og utafor heimen:

Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr. 267 000. Dette er ein nedgang i høve til i fjor på kr. 500 000. Barnevernet har ein auke i tal barn som har tiltak ved årsskiftet.

	2008 Sogndal	2009 Sogndal	2010 Sogndal	Sogn Barnevern 2010
Totalt registrerte barn	51	69	67	160
Barne - tiltak 31.12	37	33	50	117
Nye barn - undersøk	25	28	26	53

480/481 Ungdom/ungdomsrådet

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 55 000. Dette skuldast vakant stilling i nokre månader.

490 Helsestasjonen

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 75 000. Mindreforbruket skuldast vakante stillingar gjennom heile året (20-30%)

Helsestasjon:

	2008	2009	2010
Helsekontrollar og konsultasjonar			
Nyfødde	105	95	89
Heimebesøk nyfødde	92	79	80

Konsultasjonar: helsesøster (HS) og lege	HS:2053 Lege: 527	HS: 2025 Lege: 525	HS: 1797 Lege: 355
--	----------------------	-----------------------	-----------------------

Legeressursen har vore redusert i 15 veker grunna permisjon og manglande turnuslege.

Skulehelsetenesta

	2008	2009	2010
Konsultasjonar helsesøster - grunnskule	1497	1204	1283
Konsultasjonar lege – grunnskule	159	151	142
Gruppe-, undervisnings- og ansvarsgruppemøte – helsesøster og skulelege	126*	241	213
Konsultasjonar helsesøster, vidaregåande skule	374*	854	750
Konsultasjonar lege, vidaregåande skule	8	9	3

Helsestasjon for ungdom

	2008	2009	2010
Tal konsultasjonar - lege	89	70	79
Tal konsultasjonar - helsesøster	207	331	498

Helsestasjon for unge vaksne (HUV)

	2008	2009	2010
Tal konsultasjonar – lege	23	59	26
Tal konsultasjonar – helsesøster	185	253	376

HUV er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen, SISOF og Høgskulen i Sogn og Fjordane regulert av ein avtale som gjeld fram til 1.juli 2011.

491 Jordmortenesta

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 113 000. Innsparinga skuldast reduksjon i lønsutgifter grunna vakanse og auke i refusjonar frå NAV.

Jordmortenesta

	2008	2009	2010
Nyinnskrivne gravide	101	109	75
Tal fødselar	110	96	89
Tal konsultasjonar	632	801	708

Resultatmål 2010

Økonomi

- Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet
Resultat: Eininga har eit meirforbruk på kr. 85 000.

Brukar

- Vi skal gjennomføre kontrollar og vaksinasjonsprogram i samsvar med lokale og nasjonale planar.
Resultat: Vi har hatt ein reduksjonar i tal kontrollar i ca.1/2 år og forseinkingar av 2 og 4 års kontroll pga. etterslepp etter pandemi vaksinerings.
- Vi skal gjennomføre foreldremøte i alle 8. klassane med vekt på foreldrerolla i det førebyggjande helsearbeidet
Resultat: Vi har hatt foreldre og rusførebygging som satsingsområde og har vald å satse på Ørebro sitt førebyggjande program for ungdomsskulen. To personar har fått opplæring i programmet. Det er planlagt å gjennomføre foreldremøte for 8. klasse våren 2011.

Medarbeidar/interne prosessar

- Vi skal halde fristane i årshjulet.
Resultat: Vi har halde 71 % av fristane til årshjulet.
- Vi skal ha gjennomført medarbeidersamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.
Resultat: Alle tilsette med 20% stilling eller meir har mottekt tilbod om medarbeidersamtale.
- Sjukefråværet på eininga skal ligg under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.
Resultat: Eininga har eit sjukefråvær på 4,4% mot 9,5% i 2009. Landsnittet for kommunane dei 3 første kvartala ligg på 9,2%.

Samfunnsutvikling

- Vi skal vurdere framtidig bruk av Solhov og eventuelt behovet for oppussing.
Resultat: Arbeidet med å vurdere framtidig bruk av Solhov er ikkje starta opp.
- Vi skal gjennomføre prosjektet "Flink med folk i første rekke"
Resultat: Prosjektet omfattar 6 delprosjekt knytt til betre samordna tenester og auka samhandlingskompetanse (rustenesta, minoritetsspråklege barn i barnehagen, flyktningar/ asylantar, spesialundervisning i skulen, individuell plan/ansvarsgrupper og barn med psykiske problem). Alle delprosjekta er starta opp og vil verte ferdigstilt i 2011.
- Vi skal greie ut gruppetilbod på helsestasjon for utsette grupper.
Resultat: Planarbeidet har starta opp i regi av helsestasjon og barnevernet og vil verte vidareført i 2011.

3.5 Helse og sosial

Innhald i tenesteområdet

Tenesteområdet omfattar miljøretta helsevern og smittevern, lege- og fysioterapitenesta, utleige av kommunale bustader, personar med psykiske vanskar, heimetenester og aktivitetstenester for psykisk utviklingshemma og funksjonshemma, tiltak for personar med rusmiddelmissbruk, støttekontakt og avlastning, omsorgsløn, transportordning for funksjonshemma, ordning med personleg assistent, bustønad og ulike låne- og tilskotsordningar frå Husbanken og kommunale tenester lagt til NAV (økonomisk sosialhjelp og kvalifiseringsprogrammet). Eininga har 62 årsverk. Av desse er 3,5 årsverk kommunale stillingar i NAV.

Tenesta har motteke tilskot frå Fylkesmannen til å styrke rustenesta i kommunen. Tilskotet finansierar 2 stillingar (NAV og sosialtenesta). Det er søkt om tilskot for 2011 til vidareføring av desse stillingane.

Tenesta har 9 fastlegeavtalar som er knytt opp mot eit listetak på 7950 namn. Tenesta har 2 turnusstillingar - lege og fysioterapeut.

Drift og rekneskapsresultat

Eininga har eit samla meirforbruk på kr 2 467 000. Dette skuldast auka kostnader til kjøp av tenester hjå private institusjonar for tunge ressurskrevjande brukarar, og reduserte inntekter på utleige av kommunale husvære, samt auka kostnader med innleie av vikarlegar og auke i utgifter til kvalifiseringsprogrammet, sjå omtale under kvart ansvar.

400 Legevakt

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på om lag kr. 81 000. Innsparinga har sin årsak i generell innsparing på drift av legevakttenesta.

401 Legesenteret

Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr. 98 000. Årsaka til meirforbruket er knytt til ekstra kostnader med innleie av vikarlegar – auke i husleigeutgifter og formidlingshonorar til vikarbyrå.

411 Fysioterapitenesta

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 69 000. Innsparing har sin årsak i generell innsparing på drift av fysioterapitenesta.

420/421 Miljøretta helsevern/Interkommunalt miljøretta helsevern.

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 192 000. Innsparinga skuldast auka inntekter gjennom brukarbetalingar og reduksjon i lønsutgifter grunna vakanse. Stillinga som leiar har vore ledig deler av året.

426 NAV Sogndal

Ansvarsområdet har eit samla meirforbruk på kr. 49 000.

Avviket skuldast i første rekke overføring til staten, som i 2010 har vore kr. 694 000 mot budsjettert kr. 639 000. Dette beløpet er løn til leiar (50%), og driftskostnader (husleige, straum, reinhald og kontorutgifter).

427 Økonomisk sosialhjelp (NAV)

Ansvarsområdet har eit samla mindreforbruk på kr. 142 000.

Det er utbetalt mindre sosialhjelp enn budsjettert, men ser ein ansvar 427 og 428 under eitt – er det totalt eit overforbruk. Dette skuldast i hovudsak fleire brukarar med dette behovet. Vi har ei relativ auke i tilflyttarar som krev – og har rett på – økonomisk sosialhjelp som livsopphaldsyting. På slutten av 2010 ser vi at fleire brukarar med LAR flyttar til Sogndal. Dette gjev oss òg ei utfordring med å skaffe husvære (midlertidig) til målgruppa. Utviklinga i brukarar:

	2008	2009	2010
Nye mottakarar av økonomisk stønad	33	52	55
Tal mottakarar av stønad	111	143	164

428 Kvalifiseringsprogrammet (NAV).

Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr. 615 000.

Det var i starten av 2010 stor aktivitet på kvalifiseringsprogrammet (KVP), i tråd med sentrale føringar om å fokusere på KVP som eit alternativ til økonomisk sosialhjelp over tid. Vi har redusert aktiviteten utover året – mest på grunn av mindre behov, men òg etter sentrale føringar rundt tildelt tilskot for å jobbe med kvalifiseringsprogrammet. Vi ser at auka bruk av kvalifiseringsprogrammet fører til innsparing på sosialhjelp – men totalt fører dette til eit overforbruk.

	2008	2009	2010
Tal brukar i KVP	12	14	12

430 Administrasjon Helse og sosial.

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 48 000. Innsparinga har sin årsak i generell innsparing på drift av administrasjonen helse og sosial.

436 Drift av kommunale husvære

Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr. 326 000. Dette skuldast reduserte husleigeinntekter. Kommunale bustader har ikkje vore utleigd fullt ut grunna behov for oppussing/ombygging av dei eldste bustadene. Elvatunet vart seld sommaren 2010.

451 PU-tenesta/Funksjonshemma

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 391 000. Årsak til innsparinga ligg i forventa auke i refusjonar på tunge ressurskrevjande tenester.

450/453 PU-tenesta/Funksjonshemma/støttekontakt og avlasting

Ansvarsområdet syner eit meirforbruk på kr. 1 637 000. Kjøp av tenester hjå private for tunge ressurskrevjande brukarar er årsaka til meirforbruket. Dette var tiltak som vart sett i gang våren 2010.

452 Psykisk helsearbeid

Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr 511 000. Meirforbruket skuldast kjøp av teneste hjå privat helseinstitusjon for bu- og omsorgstilbod for ressurskrevjande brukar. Tiltaket vart sett i gang våren 2010.

454 Psykisk helsearbeid - støttekontakt/treningskontakt:

Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr 129 000. Dette skuldast mellom anna auke i tildeling av timar til støtte/treningskontaktar.

456 Personleg assistent

Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr 55 000. Årsaka til meirforbruket er auka utgifter til avlastning/omsorg.

459 Omsorgsløn

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 31 000. Innsparinga skuldast reduserte lønsutgifter.

Resultatmål 2010

Økonomi

- Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.
Resultat: Tenesteområdet har eit samla meirforbruk på kr. 2 467 000, sjå punktet om drift og rekneskapsresultat.

Brukar

- Vi skal sikre at måltal for deltaking i kvalifiseringsprogrammet for 2010 vert nådd.
Resultat: Måltalet er oppnådd. Det er i gjennomsnitt 12 brukarar i KVP pr. månad i 2010.
- Alle deltakarane i kvalifiseringsprogrammet skal vere i arbeidsretta aktivitet som hovuddel av programmet (meir enn 50%) innan 3 månader etter vedtak.
Resultat: Det har vore auka fokus på bruk av arbeidsretta tiltak i 2010, og Sogndal ressurscenter har medført at over halvparten av brukarane i KVP er i arbeidsretta aktivitet.
- 50% av deltakarane i programmet skal ha avgang til ordinært arbeid eller anna aktivitet t.d. utdanning som gjer dei uavhengig av økonomisk sosialhjelp etter fullført program – maks 2 år.
Resultat: Det har i 2010 vore tre brukarar som har slutta i KVP. To av dei har flytta og er kome i ordinert arbeid.
- Ingen ungdom i Sogndal under 25 år skal vere utan arbeid eller arbeidsretta aktivitet i meir enn tre månader.
Resultat: NAV Sogndal har i 100% måloppnåing på ungdomsgruppa. Eit godt samarbeid med oppfølgingstenesta har ført til dette.
- Alle deltakarar i introduksjonsprogrammet for flyktningar skal i siste del av programmet (frå 1,5 til 2 år etter oppstart) komme i arbeidstrening gjennom NAV Sogndal.
Resultat: Det var 5 flyktningar som avslutta introduksjonsprogrammet i 2010. Desse er anten i fast arbeid, delvis i jobb/registrert i NAV eller mellombels i jobb. .
- Alle flyktningar skal vere i ordinært arbeid seinast eitt år etter fullført introduksjonsprogram.
Resultat: 5 personar har avslutta introduksjonsprogrammet. Alle i arbeid.
- For personar i aldersgruppa 18-40 år med rusproblem, og som har vilkår knytt til ytingar frå NAV, skal vi i 100% av sakene som vert tilvist sosialtenesta, kunne legge til rette for arbeidstiltak eller aktivisering.
Resultat: Det er tilvist 25 brukarar til sosialtenesta. Alle brukarane har motteke tilbod om arbeidstiltak og aktivisering.
- Personar med særskilde behov skal, gjennom den tenesta dei er tilmeldt, i 100% av tilfella kunne få tilbod om tilrettelagd aktivitet eller arbeid.

Resultat: Fleirtalet av brukarane med særskilde behov har fått tilbod om tilrettelagt aktivitet eller arbeid gjennom den tenesta dei er tilmeldt. Tilboda er knytt opp mot ressurscenteret på Kaupanger, Grøn Omsorg, "Inn på tunet" og Hollekve Ranch.

Medarbeidar/

Interne prosessar

- Vi skal hald fristane i årshjulet
Resultat: Eininga har halde 71 % av fristane i årshjulet.
- Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.
Resultat: Alle tilsette i meir enn 20% stilling har fått tilbod om medarbeidarsamtale.
- Sjukefråværet på eininga skal liggja under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.
Resultat: Sjukefråværet på eininga ligg på 5,5% mot 7,3 % i 2009. Landsnittet for kommunane for dei første 3. kvartal er på 9,2%.
- Eininga skal vere medviten i høve bruk av økonomiske virkemiddel innan IA-avtalen
Resultat: Vi har nytta tilretteleggingstilskot mot einskilde arbeidstakarar.
- Vi skal stabilisere og på sikt redusere utbetaling av økonomisk sosialhjelp.
Resultat: Utbetalingane av økonomisk sosialhjelp syner eit mindreforbruk.

Samfunnsutvikling

- Vi skal greie ut behovet for krisesentertilbod i samsvar med ny lov
Resultat: Vi har deltek i felles utgreiing av krisesentertilbodet i regi av KS.
- Vi skal samordne tenestene i kvalifiseringsprogrammet og rusomsorga.
Resultat: Vi har samordna desse tenestene ved å ha etablert Sogndal Ressurssenter.
- I tråd med sentrale føringar skal vi arbeide for mindre fragmenterte tenester mellom anna gjennom etablering av eit samordningsteam jf. særskilt St. meld. nr. 47 om Samhandlingsreforma.
Resultat: Arbeid er starta opp ved etablering av faste helse og omsorgsmøte.
- Vi skal lage plan for førebyggjande helsearbeid i løpet av 2010.
Resultat: Planarbeidet er ferdig og lagd fram for formannskapet i samband med arbeidet med økonomiplanen for 2011-2014.

3.6 Pleie og omsorg

Innhald i tenesteområdet

Tenesteområdet omfattar drift av Sogndal omsorgssenter (SOS), omsorgsbustader i Fjærland, Leighota 3 og Fossetunet 1B, rehabilitering med døgnopphald, heimesjukepleie, heimehjelp, matombringning og tryggleiksalarmar. Eininga har oppretta 113 årsverk. Det er for tida om lag 172 fast tilsette.

Drift og rekneskapsresultat for pleie- og omsorgstenesta

Eininga har eit samla meirforbruk på 3.2 mill kroner. Meirforbruket skuldast større aktivitet enn budsjettert og manglande lønsjustering av variable lønspostar. Brutto meirforbruk på løn er om lag kr 6.7 mill, og refusjon av sjukepengar har ei meirinntekt på 3.8 mill. Varer og tenester har eit brutto mindreforbruk i høve til budsjettet på kr 150 000. Salsinntektene er kr 350 000 mindre enn budsjettert.

Tenestene er i 2010 i større grad retta mot brukarane med dei største behova, og terskelen for tildeling av teneste er heva. Reduksjonar og driftsendringar i spesialisthelsetenesta medfører at brukarane av pleie- og omsorgstenestene har meir omfattande hjelpebehov, behov for meir avansert utstyr og i aukande grad behov for tett personleg oppfølging. Vi registrerar vekst i dei yngre brukargruppene. For å tilpasse drifta til vedtekne rammer har det vore eit mål å redusere plassane i institusjon meir enn det vi har greidd. Denne driftsmodellen forsterkar presset på dei heimebaserte tenestene. Pleietyngda i dei heimebaserte tenestene har auka vesentleg. Dagtilbodet til heimebuande har auka.

Pleie- og omsorg i institusjon – teneste 253, ansvar 460

Aktivitet ved institusjonen i 3 siste åra er som følger:

År	Plassar Gj. snitt	Frå anna institusj.	Frå Andre	Til Korttids- opphald	Til Annen Inst.	Utskr Lev.	Utskr Død
2008	33	38	88	86	19	85	15
2009	34	51	85	90	27	88	17
2010	34	56	118	125	49	114	29

Pr.01.01.11 er det 32 plassar i drift. Gjennomsnittleg for driftsåret har vi nytta 34 plassar. Om lag 90% av driftskostnadane i institusjon er personellkostnader. Talet på langtidsopphald er redusert samanlikna med året før. Institusjonen har hatt overbelegg i høvet den samla økonomiske driftsramma for eininga, men har hatt underbelegg i høve til fysisk kapasitet. Institusjonen hadde 174 innskrivingar i 2010 noko som gjev ei gjennomsnittleg liggetid på 66,7 døger.

Brukarundersøking institusjon

Brukarundersøkingar er gjennomført i 2002, 2004, 2006, 2008 og 2010. Tenestene scorar om lag på gjennomsnitt for landet.

Svar frå brukarar av institusjon:

	2002	2004	2006	2008	2010
Resultat for brukarane	4,5 (75%)	3,4 (85%)	3,1 (78%)	3,1 (78%)	3,5 (88%)
Trivsel	4,9 (82%)	3,6 (90%)	3,2 (80%)	3,4 (85%)	3,6 (90%)
Brukarmedverknad	3,4 (57%)	3,4 (85%)	3,1 (78%)	3,1 (78%)	3,3 (83%)
Respektfull behandling	4,5 (75%)	3,7 (93%)	3,2 (80%)	3,4 (85%)	3,5 (88%)
Påliteleg	4,8 (80%)	3,7 (93%)	3,2 (80%)		
Tilgjenge	2,4 (40%)	3,3 (83%)	2,9 (73%)	3,7 (93%)	3,5 (88%)
Informasjon	3,7 (62%)	3,5 (88%)	3,0 (75%)	3,2 (80%)	3,7 (93%)
Generelt	4,8 (80%)	3,8 (95%)	3,3 (83%)	3,8 (95%)	3,9 (97%)
Snitt totalt	4,1 (69%)	3,5 (88%)	3,1 (78%)	3,3 (83%)	3,6 (90%)

Svar frå pårørande:

	2002	2004	2006	2008	2010
Resultat for brukarane	4,6 (77%)	3,5 (88%)	3,4 (85%)	3,3 (83%)	3,1 (78%)
Trivsel	4,3 (72%)	3,1 (78%)	3,2 (80%)	3,2 (80%)	3,1 (78%)
Brukarmedverknad	3,5 (58%)	2,9 (73%)	3,1 (78%)	3,1 (78%)	2,8 (70%)
Respektfull behandling	5,1 (85%)	3,5 (88%)	3,8 (95%)	3,8 (95%)	3,5 (88%)
Påliteleg	4,7 (78%)	3,5 (88%)	3,3 (83%)		
Tilgjenge	3,1 (52%)	3,4 (85%)	3,1 (78%)	3,6 (90%)	3,5 (88%)
Informasjon	4,0 (67%)	3,2 (80%)	2,9 (73%)	3,4 (85%)	3,3 (83%)
Generelt	4,2 (70%)	3,6 (90%)	3,3 (83%)	3,7 (93%)	3,7 (93%)
Snitt totalt	4,2 (70%)	3,3 (83%)	3,3 (83%)	3,3 (83%)	3,3 (83%)

Teneste 234 Aktivisering for eldre og funksjonshemma – ansvar 460, aktiviseringscenter:

År	Tal brukardagar frå Sjukeheim	Tal brukardagar dagopphald	Sum Brukardagar
2008	247	2308	2555
2009	371	3062	3433
2010	448	3105	3553

Tilbodet er stort sett retta mot heimebuande og bebuarar i omsorgsbustadane. Talet brukardagar syner ein auke på 3.5% frå 2009. Dette har samanheng med at vi har styrka bemanninga gjennom omplassering/tilrettelegging/IA-avtale. Behovet for dagtilbod er større enn det vi kan gje. Avgrensinga ligg på areal og personell til desse funksjonane.

Ergoterapi – teneste 241, ansvar 460

Ein stor del av arbeidet er retta mot utprøving, tilpassing og formidling av hjelpemiddel. Tenesta har kontaktpersonar for hjelpemiddel innanfor IKT-, syns-, hørsel-, rørsle- og kognitive hjelpemiddel. Ergoterapitenesta driv handtrening, hovudsakleg med slagpasientar og ein del kognitiv kartlegging. Utstyr som blei kjøpt inn i 2009, er funksjonelt og høveleg treningsutstyr iht dei aktuelle gruppene, og har vore mykje i bruk. Dei brukarane vi har hatt i år, har hatt behov for individuell oppfølging. Vi har hatt omkring 11 personar som vi har følgd opp over tid, med 1 -3 t pr veke.

I 2010 er det gjort vidareføring / oppfylging av 2009-prosjekte for fallførebygging.

Ergoterapeutane har arrangert forflytningskurs for pleiepersonalet. Dette er eit viktig tema, som også blir prioritert i 2011.

Oversyn over formidla hjelpemiddel frå Hjelpemiddelsentralen.

År	Tal brukarar med utleverte hj.middel	Tal ulev. Hj.middel	Tal innlev. Hj.middel	Samla verdi for utlevering
2008	231	1346	559	4 275 232
2009	252	1644	463	4 633 662
2010	215	1199	683	4 524 901

I tillegg til hjelpemiddel frå Hjelpemiddelsentralen har tenesta korttidsutlån frå eige lager. Pleie- og omsorgstenesta har dei siste åra snudd tenesteproduksjonen frå institusjonsbasert omsorg til heimebasert omsorg.

Heimesjukepleie og hjelp i heimen – teneste 254, ansvar 460

Tenesta har hatt følgjande utvikling i innskrivne brukarar dei siste åra:

Kvinner							Menn						
År	< 16	16-66	67-79	80-90	90 +	Sum K	< 16	16-66	67-79	80-90	90 +	Sum M	Sum K+ M
2008	1	26	44	97	29	197	0	27	23	42	9	101	298
2009	6	20	44	86	33	189	1	16	20	34	9	80	269
2010	2	30	46	106	39	223	0	27	26	43	14	110	333

Samla har heimebaserte tenester, heimehjelp og heimesjukepleie, ei overskriding i høve til budsjett i 2010 på kr 1,8 mill. Brutto overforbruk på løn er om lag 4,1 mill. medan på varer og tenester er forbruket som budsjettert. Refusjonar, salsinntekter og brukarbetaling er om lag 2,3 mill meir enn budsjettert. Overskridingane skuldast vesentleg høgare aktivitet enn budsjettert. Tenestene har fleire brukarar enn året før og fleire svært ressurskrevjande brukarar. Pleietyngda for brukarar som bur heime og/eller i tilrettelagde bustader, har auka siste året. Terskelen for å få tildelt teneste er heva.

Brugarundersøking – heimebaserte tenester

Svar frå brukarar av tenester i heimen:

	2002	2004	2006	2008	2010
Resultat for brukarane	5,2 (87%)	3,6 (90%)	3,4 (85%)	3,6 (90%)	3,6 (90%)
Trivsel	4,5 (75%)				
Brukarmedverknad	5,3 (88%)	3,3 (83%)	3,2 (80%)	3,2 (79%)	3,5 (88%)
Respektfull behandling	5,0 (83%)	3,5 (88%)	3,5 (88%)	3,6 (90%)	3,5 (88%)
Påliteleg	4,6 (77%)	3,3 (83%)	3,2 (80%)		
Tilgjenge	4,6 (77%)	3,3 (83%)	3,3 (83%)	3,4 (85%)	3,4 (85%)
Informasjon	4,2 (70%)	3,3 (83%)	3,1 (78%)	3,3 (83%)	3,3 (83%)

Samordning		3,4 (85%)	3,2 (80%)		
Generelt	4,8 (80%)	3,4 (85%)	3,3 (83%)	3,7 (93%)	3,7 (93%)
Snitt totalt	4,8 (80%)	3,4 (85%)	3,3 (83%)	3,5 (88%)	3,5 (88%)

Alarmtelefon

Vi har 99 alarmtelefonar i drift pr 31.12.10. Alarmsentralen i Florø administrerar oppringing og drift. Montering, opplæring, og respons skjer lokalt frå pleie- og omsorgstenesta.

Matombringning

Denne tenesta gjeld bringing av ferdigmat/varmmat frå kjøkkenet ved SOS til brukarar som bur utanfor og i institusjon. Det gjeld brukarar som kjøper frå eit måltid ein gong i veka til dei som kjøper alle måltid kvar dag.

Registrerte mottakarar pr.31.12:

År	Tal brukarar
2008	106
2009	104
2010	98

Omsorgsbustader -265, ansvar 460

Oversyn belegg, trygde-/omsorgsbustader

År	Skulevn.9	Skulevn.7B	Skulevn.7C	Fjærland	Fossetunet	Leighgota
2008	100%	99%	100%	84%	97%	99%
2009	99.4%	100%	100%	84,4	99.2%	100%
2010	99.7%	100%	99%	87%	95	100%

I Fjærland har vi hatt ledige bustader heile året. I Fossetunet har det vore nokre månader med ledig husvære grunna utskifting av leigetakarar. Pr 31.12.10 er det registrert 7 søknader om omsorgsbustad. Dei fleste av desse er registrert som søknader til SOS.

Samordning av tenesteproduksjonen i Sogndal:

Tiltaksteamet for pleie- og omsorgstenesta (TSG) har, i tillegg til tiltak, ei koordinerande rolle i høve tenesteproduksjonen mellom pleie- og omsorgstenestene og tenester knytt til tenesteeining helse og sosial. I alt vesentleg gjeld dette tenester utført innanfor psykisk helsearbeid og tenester innanfor pu. TSG handsamar søknader om: heimehjelp, heimesjukepleie, støttekontakt, omsorgsløn, personleg assistent, alarmtelefon, matombringning, transportordning, parkerings- og fylgjekort, tildeling av omsorgsbustader innanfor pleie- og omsorg og opphald i institusjon. TSG har i 2010 handsama 488 saker med til saman 583 tiltak.

Oversyn over tiltak:

År/tiltak	2008	2009	2010
Meldingar	158	192	120
Praktisk bistand	59	44	50
Heimesjukepleie	99	93	77
Matombringning	12	15	15
Tryggleiksalarm	15	34	17
Korttidsopphald	92	129	152
Langtidsopphald	21	25	24

Omsorgsbustad	27	34	46
Støttekontakt	32	34	22
Transportordning	41	37	25
Parkeringskort	14	6	9
Omsorgsløn	3	4	6
Avslag på søknad	33	32	20
Sum tiltak	606	659	583

Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar

Tenesta har hatt eit nært og godt samarbeid med fleire lag og organisasjonar. Dette gjeld samarbeid med Frivilligsentralen, Røde Kors pasientvenner, Frelsesarmeen, ulike bygdakor og musikklag, musikkskulen, studentar m.v.

Samhandling med spesialisthelsetenesta:

Døgnopphald i somatisk sjukehus

Tal liggedagar pr. døgnopphald i somatiske sjukehus

År		2005	2006	2007	2008
Område:	Indikator:				
Heile Landet	Tal døgnopphald – alle aldre	17,4	17,5	17,0	17,1
	Tal døgnopphald – 67-79 år	39,3	39,8	38,8	38,6
	Tal døgnopphald – 80 år og over	60,1	61,3	60,6	61
	Liggedøgn pr opphald i alt	5,1	5,0	5,0	4,8
	Liggedøgn pr opphald 67-79 år	6,5	6,4	6,3	6
	Liggedøgn pr opphald 80 år og over	7,2	7,1	6,9	6,5
Sogn og Fjordane	Tal døgnopphald – alle aldre	21,3	21,1	20,5	19,7
	Tal døgnopphald – 67-79 år	47,2	46,7	44,6	42
	Tal døgnopphald – 80 år og over	69,3	68,3	68,3	62,7
	Liggedøgn pr opphald i alt	4,9	4,9	4,8	4,6
	Liggedøgn pr opphald 67-79 år	6,1	6,2	6,3	5,7
	Liggedøgn pr opphald 80 år og over	6,8	6,6	6,5	6,2
Sogndal	Tal døgnopphald – alle aldre	20,5	19,9	19,6	19,9
	Tal døgnopphald – 67-79 år	51,3	49,4	42,5	39,9
	Tal døgnopphald – 80 år og over	65,8	61,5	63,3	66,6
	Liggedøgn pr opphald i alt	4,4	4,5	4,2	4,4
	Liggedøgn pr opphald 67-79 år	5,6	6,2	5,5	6,1
	Liggedøgn pr opphald 80 år og over	5,7	5,7	5,8	5,9

Definisjon av indikatoren

Tal døgnopphald i somatisk sjukehus i alt og for personar 67-79 år og 80 år og over. Pr 100 innbyggjarar i dei aktuelle aldersgruppene.

Sogndal kommune har eit mindre forbruk av somatiske sjukehussenger enn gjennomsnittet for landet og fylket. For aldersgruppene over 80 år har vi fleire, men betydeleg kortare, opphald. Dette kan vere ein indikasjon på at pleie- og omsorgstenestene er effektive i samhandlinga med spesialisthelsetenesta.

Mottak av brukarar til sjukeheim:

År	Direkte frå spesialisthelsetenesta	Frå andre	Totalt
2008	32	94	126
2009	51	85	136
2010	54	120	174

Hovudtyngda av brukarane som kjem direkte frå spesialisthelsetenesta er brukarar som treng etterbehandling med døgntenester og/eller rehabilitering med døgntenester. Opphald har ei varigheit på 2-8 veker. Frå 2007 ser vi ei utvikling med mottak av 2.9 pasientar til slike opphald pr. mnd til 4.5 pasientar pr. mnd i 2010.

I talet frå andre er brukarar frå eigen bustad, omsorgsbustad m.v. I talet ligg ein stor del brukarar som har tilpassa rullerande avlastning / opptrening / førebygging iht langtidsopphald.

Fleire plassar til tidsavgrensa opphald med ulike innhald, representerar eit kortsiktig økonomisk tap av inntekter i institusjonsdrifta. Med utgangspunkt i ein minstepensjonist vil eigenbetalinga vere om lag kr 5.500 mindre pr. plass pr måned. Er opphaldet tildelt som avlastingsopphald er prisskilnaden om lag kr 9.000. I 2010 har vi som eit gjennomsnitt nytta 10 plassar i institusjon til ulike tidsavgrensa opphald.

Kvalitetssikring av tenestene – internkontroll

Tenesta har revidert tenesteomtalar for deltenestene. Tenesta har avventa det vidare arbeidet med kvalitetssikring av tenestene i påvente av felles system for heile kommunen. Det er i regi av Bedriftshelsetenesta gjennomført kartlegging av arbeidssituasjonen for tilsette, og det er gjennomført diverse tilretteleggingstiltak. Det er gjennomført internrevisjon av brannokumentasjon og brannsyn for teknisk anlegg i Skulevn. 7A,7B,7C og 9. Det er gjennomført internrevisjon av brannsikring i Leighgota 3 og Fossetunet 1B. Det er gjennomført internrevisjon innanfor IK-mat, medikamenthandtering og smittevern. Det er registrerte avvik knytt til IK-mat.

I den interne avviksrapporteringa er det registrert ei rekke avvik i høve til prosedyrar, retningsliner og det som vert oppfatta som fagleg tilstrekkeleg/forsvarleg tilbod. Dette er særleg knytt til brukarar med demens. Det er registrert avvik på fleire uønska hendingar knytt til denne brukargruppa.

Resultatmål 2010

Økonomi

1. Vi skal redusere avvik i høve til budsjettet minst tilsvarende auka budsjettløyvingar.
Resultat: Meirforbruket i 2010 er 3,2 mill. kroner. Resultatmålet er ikkje nådd.

Brukar

1. Gjennomsnittelege tal for kor nøgde brukarane og dei pårørande er skal minst liggje på landsgjennomsnittet.
Resultat: Ved brukargranskinga i 2010 ligg brukartilfredsheita hjå brukarar av heimetenesta og brukarar og pårørande av institusjon over landsgjennomsnittet. Målet er nådd. Det vert synt til tabell med meir detaljert informasjon.

2. Sakshandsamingstida skal ikkje overstige 14 dagar

Resultat: Sakshandsamingstida har i gjennomsnitt vore 11,5 dagar. Resultatmålet er nådd.

3. Iverksettingstida skal ikkje overstige 12 dagar

Resultat: Gjennomsnittleg iverksettingstid har vore 5,0 dagar. Resultatmålet er nådd.

Medarbeidar/ interne prosessar

1. Vi skal halde fristane i årshjulet

Resultat: Målet er nådd. 100% av fristane i årshjulet er haldne.

2. Vi skal ha gjennomført medarbeidersamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling

Resultat: Det er gjennomført medarbeidersamtale med 150 av 172 tilsette. Måloppnåing er 84,3%

3. Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg for landet på sjukefråvær innafor pleie- og omsorg i kommunane.

Resultat: Sjukefråværet i 2010 var 7,4%. Gjennomsnittleg sjukefråvær for pleie- og omsorgstenesta i 2010 var 9,2%. Målet er nådd.

Samfunnsutvikling

1. Delprosjekt frå ”kvalitetskommuneprogrammet” knytt til:

- auka nærver
- arbeid mot ufrivillig deltid

Resultat: Eininga hadde eit fråvær på 7.5% i 2010 mot 6.2% i 2009. Eininga har ikkje redusert oppretta stillingar i 2010. Fleire tilsette har fått utvida si deltidsstilling.

2. Utreie konsekvensar av samhandlingsreforma

Resultat: Det har vore svært vanskeleg å finne ut av kva som ligg i samhandlingsreforma. Det er ikkje komme klare signal på kva tenester kommunane skal overta.

Det er gjennomført utgreiingsarbeid som har klarlagt at noverande sjukeheim ikkje kan oppgraderast til nye lovkrav.

3. Oppkopling mot Norsk Helsenett

Resultat: Dette arbeidet er utsett i tid.

4. Opplæring i bruk av KERBAS

Resultat: Dette arbeidet er utsett i tid.

3.7 Barnehagar

Innhald i tenesteområdet

Tenesteområdet omfattar drift av Kyrkjebakken, Furuli, Notsete og Kjørnes barnehage, samarbeid/samhandling med dei to andre kommunale barnehagane (Ylvisåker og Fjærland barnehage) og dei ikkje-kommunale barnehagane (Stedje, Rones, Sogndal studentbarnehage. Eininga har 49 årsverk.

Drift og rekneskapsresultat

Driftsnivået for barnehagane i kommunen er som følgjer:

	Tal barn Pr 15.12 2008	Tal barn Pr 15.12 2009	Tal barn Pr 15.12 2010	Tal avdelingar	Aldersgrupper
Kyrkjebakken	56	56	58	4	1-6 år
Kjørnes	39	39	47	3	1-6 år
Furuli	66	78	75	4	1-6 år
Notsete	27	24	25	1	1-6 år
Stedje	69	66	65	4	1-6 år
Rones	83	82	82	4	1-6 år
Studentbhg.	42	45	44	3	0-6 år
Sum	382	390	396	23	

I tillegg kjem barnehageplassane på Norane oppvekstsenter (29 barn) og Fjærland oppvekstsenter (14 barn) – til saman 435 barn med barnehageplass ved utgangen av året.

Tal barn med barnehageplass har auka grunna ny uteavdeling i Kjørnes barnehage. Fjærland barnehage har redusert med nokre plassar. Alle barnehagane har heile og delte plassar. Studentbarnehagen har berre heile plassar. Barn under tre år tel dobbelt i bemanning, slik at reduksjon av tal barn i nokre av barnehagane skuldast opptak av fleire barn under tre år.

Eininga har eit samla mindreforbruk på kr. 2 343 000. Dette skuldast i hovudsak auka statstilskot dei to siste åra som ikkje har vore budsjettert. For spesialpedagogiske tiltak i barnehage er det eit meirforbruk på 90 000 som skuldast eit større behov for tiltak enn det som var budsjettert.

Resultatmål 2010

Økonomi

1. Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet..

Resultat: Eininga har eit samla mindreforbruk på kr. 2 343 000, sjå punktet om drift og rekneskapsresultat.

Brukar

1. Vi skal tilby barnehageplass til alle som rett på plass.

Resultat: Alle som har rett til barnehageplass, har fått plass.

2. Vi skal gjennomføre språkkartlegging i barnehagen i samsvar med den kommunale barnehagestrategien.

Resultat: Dei fire kommunale barnehagane har gjennomført språkkartlegging i samsvar med den kommunale barnehagestrategien.

3. Gjennomsnittleg resultat for kor nøgde foreldra er skal minst liggje på landssnittet.

Resultat: Det vart gjennomført brukargransking i barnehagane i november 2010. To av barnehagane har eit snitt på 4,8 og to eit snitt på 5. Landsnittet er på 4,9. Forbetringspotensiale er fysisk miljø, brukarmedverknad, tilgjenge og informasjon. Oppfølging av resultatet skjer i 2011.

Medarbeidar

1. Vi skal halde fristane i årshjulet.

Resultat: Vi har halde 86% av fristane.

2. Vi skal ha gjennomført medarbeidersamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.

Resultat: Det er gjennomført medarbeidersamtale for alle med unnatak av to personar, der det etter avtale var semje om å utsette samtalen til 2011.

3. Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.

Resultat: Sjukefråværet på eininga er på 6,1% mot 5,2% i 2009. Landsnittet for kommunane for dei 3 første kvartala er på 9,2%.

Samfunnsutvikling

1. Vi skal greie ut og eventuelt etablere ei friluftsavdeling ved Kjørnes barnehage.

Resultat: Ny friluftsavdeling ved Kjørnes barnehage vart opna ved nytt barnehageår.

2. Vi skal gjennomføre strategi for innhald og oppgåver i barnehagen med vekt på

- a. Overgang barnehage skule

Resultat: Det er utarbeid retningslinjer barnehage – skule som er teke i bruk

- b. Digitale hjelpemiddel i barnehagen

Resultat: Barnehagane har teke i bruk egne nettsider, og alle barnehagane har teke i bruk digitale hjelpemiddel.

- c. Tekst, språk og kommunikasjon

Resultat: Barnehagane nyttar TRAS til språkkartlegging

- d. Sosial kompetanse og psykisk helse

Resultat: Alle fire barnehagane har hatt fokus på å støtte og fremje enkeltbarn og barnegruppene sin sosiale kompetanse som førebygging for psykisk helse. Dette er likevel eit område vi treng å vidareføre på ein systematisk måte.

3. Vi skal lage ein kompetanseplan for tilsette i barnehagane.
Resultat: Dette arbeidet er utsett i påvente av nytt personalsystem.
4. Vi skal revidere kommunen sin Strategi for innhald og oppgåver i barnehagen.
Resultat: Det vart sett ned ein sakskomite hausten 2010. Revidert plan skal vere klar 1. halvår 2011.

3.8 Fjærland oppvekstsenter

Innhald i tenesteområdet

Tenesteområdet omfattar drift og utvikling av Fjærland oppvekstsenter (Fjærland skule, SFO, Fjærland barnehage). Eininga har til saman 7,7 årsverk.

Drift og rekneskapsresultat:

Driftsnivået på eininga er som følgjer:

	2008/2009	2009/2010	2010/2011
Fjærland skule:			
Småskulesteget	17	21	24
Mellomsteget	10	9	10
Sum	27	30	34
Tal grupper	2	3	3
SFO	0	1	1 + 5 frå okt.
Fjærland barnehage:			
Tal born	21	18	14
Tal plassar	27	23	18

Samla har tenesteeininga eit mindreforbruk på om lag kr 157 000 – sjå omtale av dei ulike ansvara.

520 Fjærland skule

Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr 174 000. Avviket skriv seg i hovudsak frå større investeringar enn budsjettet grunna slitasje på utstyr og fellesutgifter.

521 Fjærland SFO

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på om lag kr 11 000. I oktober 2010 vart det starta ei SFO-gruppe med eit 2-dagarstilbod for 5 elevar, i tillegg har ein elev hatt full plass heile kalenderåret. Denne eleven får delar av tilbodet sitt gjennom 2-dagarstilbodet og resten av tida i barnehagen. Brukarbetalinga har vore større enn utgiftene i denne oppstartfasen.

525 Fjærland barnehage

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på om lag kr 320 000. Dette skuldast i hovudsak at barnehagen vart redusert frå 1,5 til 1 avdeling hausten 2010.

Resultatmål 2010

Brukarar

- Elevane sin trivsel skal minst liggje på landsgjennomsnittet:
Resultat: Elevundersøkinga i 2010 syner eit snitt på 4,3. Landssnittet ligg på 4,3.
- Vi skal vere ein skule utan mobbing.
Resultat: Elevundersøkinga i 2010 syner eit snitt på 1,2. Landssnittet ligg på 1,4. Oppvekstsenteret har utarbeidd handlingsplan mot mobbing. Denne vert revidert/ gjennomgått jamleg. Negative utslag er identifiserte og jobba vidare med på klasse- og individnivå.
- Gjennomsnittleg resultat for engelsk, lesing og matematikk for 5.klasse skal minst liggje på landsgjennomsnittet.
Resultat: Grunna få elevar i gruppa, kan ikkje resultatet offentleggjerast jf. regelverket.

- Gjennomsnittleg resultat for kor nøgde foreldra er skal minst liggje på landsgjennomsnittet.

Resultat: Det er gjennomført brukargransking mellom foreldre/føresette i barnehagen i november 2010. Resultatet syner eit snitt på 5,4. Landsnittet er på 4,9. Oppfølging av brukargranskinga vil verte gjort i 2011.

- Vi skal gjennomføre språkkartlegging i barnehagen i samsvar med den kommunale barnehagestrategien.

Resultat: Det er gjennomført språkkartlegging (TRAS) på alle ungane i barnehagen.

Medarbeidar/interneprosessar

- Vi skal halde fristane i årshjulet.

Resultat: Eininga har halde 86 % av fristane i årshjulet.

- Vi skal ha gjennomført medarbeidersamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.

Resultat: Det er gjennomført samtale med alle tilsette.

- Sjukefråværet på eininga skal liggja under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.

Resultat: Sjukefråværet på eininga i 2010 var på 3,6% mot 7,9% i 2009. Landsnittet for kommunane dei 3 første kvartala var på 9,2%

Utviklingsoppgåver.

- Vi skal følgje opp strategiske skuleplan og ”Sats på skulen – snu Sogn” programmet med vekt på tilpassa opplæring og læringsstrategiar, dei regionale nettverka og styrka samhandling mellom skuleeigar og skuleleiar.

Resultat: Sjå 10 på topp.

- Vi skal gjennomføre eit fellesprosjekt skule-barnehage knytt til sosial kompetanse

Resultat: Skulen har jobba mykje med venepar sett saman på tvers av aldersgruppene, og i tillegg har ein hatt felles økter med tema sosial kompetanse for heile oppvekstsenteret.

- Vi skal gjennomføre strategi for innhald og oppgåver i barnehagen med vekt på

- overgang barnehage – skule

Resultat: Førskulegruppa i barnehagen har eigne samlinga 2 gongar i månaden, i tillegg har dei tre korte besøk i første klasse samt ein halv skuledag i samband med innskrivingsdagen.

- digitale hjelpemiddel i barnehagen

Resultat: 5-åringane hadde eit prosjekt med barnehageavis der borna sjølv dokumenterte kvardagen sin i barnehagen, ved bruk av data, fotoapparat og kopimaskina.

- språk, tekst og kommunikasjon

Resultat: Dette gjennomsyrrar heile barnehagen si verksemd gjennom ulike temaarbeid, dagleg høgtlesing, sosial kompetanse og samtale rundt måltida.

- sosial kompetanse og psykisk helse

Resultat: Barnehagen har jobba med Truls og Trine – programmet. I tillegg har barnehagen og skulen hatt 4 felles økter i semesteret med sosial kompetanse.

Kvalitet på tenestene

I løpet av 2010 vart det gjennomført brukargransking på mellomsteget og mellom foreldra i barnehagen. Resultat av denne og oppfølgingstiltak er gjort greie for i den pedagogiske årsmeldinga.

3.9 Norane oppvekstsenter

Innhald i tenesteområdet

Tenesteområdet omfattar drift og utvikling av Norane oppvekstsenter (Norane skule, Norane skulefritidsordning og Ylvisåker barnehage). Eininga har 14 årsverk

Drift og rekneskapsresultat

Eininga har følgjande driftsnivå:

Norane skule	08/09	09/10	11/12
Elevar	47	50	48
Klassar	3	3 (4)	3 (4) *
Brukarar i SFO	6	6	4
Ylvisåker barnehage			
Barn under 3 år	7	7	7
Barn over 3 år	20	20	21
Avdelingar	2	2	2

* Etter klassesdelingsreglane har skulen elevgrunnlag for 4 klassar. Skulen er organisert i 3 undervisningsgrupper

Økonomi

Eininga har eit samla mindreforbruk på om lag kr. 267 000, sjå omtale av dei ulike ansvarsområde.

530 Norane skule

Ansvarsområdet har eit positivt avvik på kr. 11 000.

531 Norane SFO

Ansvarsområdet har eit positivt avvik på kr. 4 000.

535 Ylvisåker barnehage

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 252 000. Mindreforbruket skuldast større statsrefusjonar enn budsjettert pga. driftsauke og overføring av midlar til spesped.tiltak.

Resultatmål 2010

Økonomi

- Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.
Resultat: Eininga har eit mindreforbruk på om lag kr. 267 000, sjå punktet om drift og rekneskapsresultat.

Brukar

- Elevane sin trivsel skal liggje minst på landsnittet
Resultat: Resultata frå "Skoleporten" 2010 syner eit snitt på 4,3. (sosial trivsel) Landsnittet ligg på 4,4.
- Vi skal vere ein skule utan mobbing.
Resultat: Resultata frå "Skoleporten" syner eit resultat på 1,5. Landsnittet er 1,4
Oppvekstsenteret har utarbeidd handlingsplanar mot mobbing i barnehage og skule. Desse vert revidert/gjennomgått jamleg. Negative utslag er identifisert og jobba vidare med på klasse- og individnivå
- Gjennomsnittleg resultat for engelsk, lesing og matematikk i 5. klasse skal ligge over landsgjennomsnittet:
Resultat: Det vart gjennomført nasjonale prøver i rekning, lesing og engelsk på 5. trinn hausten 2010. Resultatet ligg over landsnittet.
- Gjennomsnittleg resultat for kor nøgde foreldra er skal ligge minst på landsgjennomsnittet

Resultat: Det er gjennomført brukargransking for foreldre/føresette i barnehagen i 2010. Snitt totalt for kor nøgde foreldra er 5,2 for Ylvisåker barnehage. Landsnittet er 4,9. Sjå punktet om kvalitet på tenestene for oppfølging.

- Vi skal gjennomføre tidleg registrering av språkutvikling (TRAS) på alle 3 åringer i barnehagen.

Resultat: Ylvisåker barnehage nyttar no observasjonsskjema “Alle med” på alle borna, og TRAS på born der ein treng meir språkleg kartlegging. Resultata vert nytta inn mot ulike typar språktrening, foreldresamarbeid og i samarbeidet om overgang mellom barnehage – skule.

Medarbeidar/interne prosessar

- Vi skal halde fristane i årshjulet

Resultat: Eininga har halde 100% av fristane i årshjulet.

- Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20 % stilling

Resultat: Det er gjennomført medarbeidarsamtale med 15 av 16 på eininga.

- Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane

Resultat: Sjukefråværet på eininga er på 4,5 % mot 4,9% i 2009. Landsnittet for kommunane dei 3 første kvarta er på 9,2%

Utviklingsoppgåver

- Vi skal følgje opp strategisk skuleplan og “Sats på skulen –snu Sogn” programmet med vekt på tilpassa opplæring/læringsstrategiar, dei regionale fagnettverka og styrka samhandling mellom skuleeigar og skuleleiar.

Resultat: Sjå 10 på topp.

- Rettleiing til tverretatleg samarbeid for barn og unge i kommunen skal vere teken i bruk:

Resultat: Rettleiaren er presentert for tilsette både i skule og barnehage. Rutinane er tekne i bruk.

- System for kvalitetsutvikling for eininga skal vere etablert som del av eit felles kommunalt kvalitetssystem

Resultat: Arbeidet er i gang og vil verte ferdigstilt i 2011.

- Vi skal revidere kommunen sin Strategi for innhald og oppgåver i barnehage

Resultat: Vi har evaluert tidlegare plan, og medverka i arbeidet med ny plan gjennom styrargruppa og som høyringsinstans

- Vi skal følgje opp Sogndal kommune sin strategiplan for innhald og oppgåver i barnehagen med vekt på

- Overgang barnehage – skule

Resultat: Plan er teken i bruk og implementert i eigne årsplanar

- Digitale hjelpemiddel i barnehagen

Resultat: Ein del utstyr er kjøpt inn, men manglar ein del på metode og plan for gjennomføring.

- Språk, tekst og kommunikasjon

Resultat: Vi har eigen progresjonsplan for 2-5 åringane i barnehagen og har utarbeidd lokalt vedlegg til plan for overgang barnehage – skule.

- Sosial kompetanse og psykisk helse

Resultat: Vi har laga eit eige hefte om mobbing/sosial kompetanse, og har gjennomført temasamingar for både vaksne og barn.

Kvalitet på tenestene

Det er gjennomført brukargransking blant elevane våren 2010 (elevundersøkinga), jf. punktet om resultatmål. Resultat av denne og oppfølgingstiltak er gjort greie for i den pedagogiske årsmeldinga.

3.10 Kaupanger skule

Innhald tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift og utvikling av Kaupanger skule inkludert skulefritidsordninga og opplæring av born i asylmottak. Eininga har 29,5 årsverk.

Drift og rekneskapsresultat

	2008/2009	2009/2010	2010/2011
Elevtal*	205	197	200
Tal undervisningsgrupper	10	10	10
Brukarar SFO	40	34	41

* ikkje inkludert born i asylmottak.

Eininga har eit samla mindreforbruk på kr 207 000. Avviket skuldast mellomlegg vikarar og lærarar i permisjon og effektiv drift i skulefritidsordninga

540-542 Kaupanger skule

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr 64 000 grunna innsparing av mellomlegg vikarar og lærarar i permisjon og auke i refusjonar.

544 SFO

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr 143 000. Dette skuldast effektiv drift og at leksehjelputgifter er ført på ansvar 540.

Resultatmål 2010

Økonomi

- Vi skal ikkje ha avvik i høve budsjettet.
Resultat: Eininga har eit positivt resultat på kr 207 000, sjå punktet om drift og rekneskapsresultat.

Brukar

- Elevane sin trivsel skal minst liggje på landsgjennomsnittet.
Resultat: Elevundersøkinga i 7. og 10.klasse syner eit snitt på 4,5 og 3,9. Landssnittet er 4,3 for 7.klasse og 4,0 for 10.klasse.
- Vi skal ha ein skule utan mobbing.
Resultat: Elevundersøkinga i 7. og 10.klasse syner eit snitt på 1,2 og 1,4. Landssnittet er 1,4. Skulen har utarbeidd handlingsplan mot mobbing. Denne vert revidert/gjennomgått jamleg. Negative utslag er identifiserte og jobba vidare med på klasse- og individnivå.
- Gjennomsnittleg resultat for lesing, rekning og engelsk for 5., 8., 9. og 10.årssteg skal minst liggje på landssnittet.
Resultat: Resultatet syner at alle klassane ligg over landssnittet. .
Resultata frå eksamen i 10.klasse syner eit snitt på 4,1 i engelsk mot eit landssnitt på 3,8.
- Gjennomsnittleg resultat for kor nøgde foreldra er, skal minst liggje på landssnittet.
Resultat: Det er ikkje gjennomført foreldregransking i 2010.
- Vi skal leggje til rette for at alle elevar skal gjennomføre eksamen.
Resultat: Alle elevar som var oppmelde til eksamen, har gjennomført eksamen.

Medarbeidar/interne prosessar

- Vi skal halde fristane i årshjulet.
Resultat: Eininga har halde 100% av fristane i årshjulet.
- Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.
Resultat: Det er gjennomført medarbeidarsamtale med alle tilsette.

- Sjukefråvere på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvere for kommunane.
Resultat: Sjukefråværet på eininga var på 2,3% mot 3,5% i 2009. Landsnittet for dei 3 første kvartala var på 9.2%..

Samfunnsutvikling

- Vi skal følgje opp strategisk skuleplan og ”Sats på skulen - snu Sogn” med vekt på tilpassa opplæring/læringsstrategiar, overgang ungdomsskule – vidaregåande skule, regionale fagnettverk og auka samhandling mellom skuleeigar og skuleleiar.
Resultat: Sjå 10 på topp.
- Vi skal implementere ny strategiplan for skulane i Sogndal kommune i skulen sine egne planar
Resultat: Strategiplan for skulane implementert i skulen sine planar .
- Vi skal implementere plan for overgang barnehage – skule i eigen organisasjon.
Resultat: Kommunale retningslinjer for overgang barnehage – skule er teke i bruk.
- Vi skal ha fokus på internasjonalt samarbeid gjennom Comenius og samarbeid med HSF.
Resultat: Vi har slutført prosjektperioden med skular i Ungarn og England. Rapport er godkjent, og skulen har for 3.gong vore omtala i ”Europavegen” – ei avis som vert sendt ut til alle skular i Noreg.

Kvalitet på tenestene

Det er gjennomført brukargranskning blant elevane. Resultat av denne og oppfølgingstiltak er gjort greie for i den pedagogiske årsmeldinga.

3.11 Skulane i sentrum

Innhaldet i tenesteområdet

Tenesteeininga skulane i sentrum omfattar drifta og utviklinga av Trudvang skule og skulefritidsordning, Sogndal ungdomsskule/Kvåle skule og vaksenopplæring i institusjon. Eininga har 77,4 årsverk.

Drift og rekneskapsresultat

Eininga har følgjande driftsnivå: (Teljedato 01.10.10)

Tekst	2008/2009		2009/2010		2010/2011	
	Trudv.	Ungdsk.	Trudv.	Ungdsk.	Trudv.	Ungdsk.
Elevtal	437	236	435	226	434	236
Undervisningsgrupper	20	9	20	9	20	9
Timar spesialundervisning	182	179	228	216	254	142
Brukarar av SFO	112		120		124	

Tabell er i 45 min. einingar.

Eininga har eit samla mindreforbruk på om lag kr 1 001 000. Dette skuldast i hovudsak auka inntekter og sjukerefusjonar som ikkje var budsjettert, samt effektiv drift, sjå omtale av dei ulike ansvarsområda

213 Trudvang skule

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på ca kr 792 000. I stor grad skuldast dette auka inntekter i siste halvåret i 2010 og effektiv drift.

220 Trudvang SFO

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på om lag kr 114 000. Dette skuldast auka inntekter og reduserte driftskostnader. Noko av driftsutgiftene til administrasjon for SFO er ført på Trudvang skule, og ein har såleis eit litt for stort positivt avvik på dette ansvaret. Dette vert retta opp på neste års budsjett.

294 Vaksenopplæring i institusjon

Ansvarsområdet har eit positivt resultat på kr 90 000. I stor grad skuldast dette reduserte driftsutgifter og enkeltvedtak som ikkje fullt ut vart starta opp på det nivået som dei var budsjettert etter.

På dei andre ansvarsområda er det mindre avvik.

Resultatmål 2010

Økonomi

- Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.
Resultat: Eininga har eit mindreforbruk på om lag kr. 1 001 000, sjå punktet om drift og rekneskapsresultat.

Brukarar

- Elevane sin trivsel skal minst liggje på landsgjennomsnittet.
Resultat: Elevundersøkinga syner eit snitt på 4,4 for 7. trinn og 4,2 for ungdomstrinnet. Landsnittet er 4,3 og 4,0. Trudvang skule gjennomfører ei lokal trivselsgransking. Denne syner at tal elevar som ikkje trivst, har gått ned i høve til 2009.
- Vi skal ha ein skule utan mobbing.
Resultat: Elevundersøkinga syner eit snitt for Trudvang på 1,3 og 1,1 for Kvåle skule/ ungdomsskulen. Landsnittet er 1,4 for begge skuleslaga. Skulane har utarbeidd handlingsplanar mot mobbing. Desse vert revidert/gjennomgått jamleg. Negative utslag er identifisert og jobba vidare med på klasse- og individnivå.
- Gjennomsnittleg resultat for engelsk, lesing og rekning for 5., 8., 9. trinn skal liggje over landsnittet.
Resultat: Det er gjennomført nasjonale prøvar for 5. 8. og 9. trinn, og resultatet ligg over landsnittet.
- Vi skal leggje til rette for at alle elevane skal gjennomføre eksamen og ha fri tilgang til PC'ar.
Resultat: Alle elevar som er oppmelde til eksamen, har gjennomført eksamen. Alle elevar gjennomfører IKT-basert eksamen. Dette er 4. året skulen nyttar slik eksamensform.
- Vi skal gjennomføre karakter- og læringsstøttande prøver kvart år i dei basisfaga som dette vert oppretta for.
Resultat: Det vart ikkje utarbeidd nye prøver etter læringsmåla i læreplanen dette skuleåret. Skulen har nytta eigne prøver utarbeidd av lærebokforlaga, men desse er ikkje normerte.

Medarbeidarar/interne prosessar

- Vi skal halde fristane i årshjulet.
Resultat: Eininga har halde 86% av fristane i årshjulet.
- Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling
Resultat: Det er gjennomført medarbeidarsamtalar for alle tilsette på eininga..
- Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.
Resultat: Sjukefråværet for 2010 på Trudvang skule er på 4,4% mot 3,8% i 2009. For Kvåle skule/ungdomsskulen er sjukefråværet 1,9% mot 6,5% i 2009. Landsnittet for dei 3 første kvartala er på 9,2%.
- Vi skal gjennomføre "stadanalyse" for alle lærarar annakvart år
Resultat: Stadanalysen er gjennomført for Kvåle skule og ungdomsskulen. Dette "barometeret" viser ein skule i utvikling og med fokus på eleven si sosiale og pedagogiske meistring. Dette er eit godt reiskap som skulane nyttar kvart år for vidare arbeid med skuleutvikling.

Utviklingsoppgåver/ Samfunnsutvikling

- Vi skal fylgje opp strategisk skuleplan og "Sats på skulen – snu Sogn" programmet med vekt på tilpass opplæring/læringsstrategiar, overgang ungdomsskule – vidaregåande skule, regionale nettverk og styrka samhandling mellom skuleeigar og skuleleiar.
Resultat: Sjå 10 på topp.

- Vi skal vidareutvikle entreprenørskapsarbeid på barnesteget og utdjupe og leggje til rette for aktiv bruk av utdanningsval på ungdomssteget.
Resultat: Planane for entreprenørskap er no gjennomgåande 1. – 10. trinn. Utdanningsval har ein eigen plan for 7. -10. trinn. Skulane legg til rette og vidareutviklar desse planverktøya i tråd med kommunale og statlege føringar.
- Vi skal prøve ut og vidareutvikle nye eksamensformer i nokre av dei munnlege fag der lokalsamfunn og region får ein meir sentral plass, og innføre tverrfagleg eksamen med vekt på prosjektarbeid.
Resultat: Nye reglar frå Utdanningsdirektoratet har delvis endra retten til tverrfagleg eksamen. Innanfor dei fastsette rammene har skulen no lagt opp til eksamensformer som gir eleven høve til å leggje fram prosjektarbeid som ein del av presentasjonen under framføringsdelen til eleven.
- Vi skal ha fokus på overgang barnehage – skule, jf. kommunal strategi for innhald og oppgåver i barnehagen.
Resultat: Det er utarbeidd retningslinjer for overgang barnehage – skule. Desse er tekne i bruk og implementert i eigne årsplanar.
- Vi skal satse på utviklingsarbeid knytt til MILL og internasjonale arbeid.
Resultat: Begge skulane satsar aktivt på MILL og fysisk aktivitet som verktøy i eit godt læringsmiljø. Kvåle skule er no godkjent som Comenius skule for skuleåra 2010-2012. Skulen har delteke på 2 utvekslingsseminar, og skal gjennomføre eige seminar i 2011. 4 elevar og 2 lærarar deltek på kvart utvekslingsseminar.
- Vi skal slutføre byggjesteget II ved Kvåle skule, lage plan for betre utnytting av uteområdet på Trudvang og vurdere eventuelle bygningsmessige endringar.
Resultat: Byggjesteget II på Kvåle vart ferdigstilt på nyåret 2011. Planarbeidet for uteområdet for er gjennomført.
- Vi skal planleggje og gjennomføre ei fast organisering for skulane i sentrum, der utdanningsløpet for elevane i skulekrinsen vert 1.-5. trinn og 6.-10. trinn med ein fast personalstab på kvar skule.
Resultat: Dette er gjennomført pr 31.12.2010. Det er oppretta to tenesteeiningar for skulane i sentrum – Tenesteeininga Trudvang skule og Tenesteeining Kvåle skule. Elevane på 6. trinn ver saman med 7. trinn permanent overført frå Trudvang skule til Kvåle skule frå 01.01.11. Alle tilsette er no fast plasserte på dei to skulane.

Kvalitet på tenestene

Det er gjennomført brukargransking blant elevane (Elevinspektøren) og tilsette (Ståstadanalysen) ved Kvåle skule/ungdomsskulen. Resultat av desse og oppfølgingstiltak er gjort greie for i den pedagogiske årsmeldinga.

3.12 Tverrgående områder

3.12.1 Støtteining Tenestetorg/IKT

Innhald i støtteininga

Støtteininga omfattar tenestetorg, nettsida og samordning av informasjonsarbeidet, drift og vedlikehald av ikt-system, post, arkiv og folkevaldsekretariat. Eininga har 8,9 årsverk.

Drifts- og rekneskapsresultat

Eininga har eit samla mindreforbruk på kr. 179 000. Dette skuldast reduserte lønsutgifter grunna vakant stilling i ein periode og reduserte driftsutgifter.

Resultatmål 2010

Økonomi

- Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.

Resultat: Eininga har eit samla mindreforbruk på kr. 179 000, sjå punktet om drifts- og rekneskapsresultat.

Brukar

- Vi skal oppgradere kommunen sine nettsider som del av eit interkommunalt prosjekt.
Resultat: Sjå 10 på topp.
- Vi skal vurdere overgang til papirlaust politisk arbeid.
Resultat: Sjå 10 på topp.

Medarbeidar/interne prosessar

- Vi skal halde fristane i årshjulet
Resultat: Eininga har halde 100% av fristane i årshjulet.
- Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.
Resultat: Medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling er gjennomført.
- Sjukefråværet på eininga skal ligge under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.
Resultat: Sjukefråværet på eininga er på 3,3 % mot 2,8 % i 2009. Landssnittet for kommunane for dei tre første kvartal er 9,2%.
- Vi skal ha gjeve ut "Saman om" med minst 4 nummer.
Resultat: Det er gjeve ut 4 nummer av "Saman om" i 2010.
- Alle nytilsette skal få opplæring i relevante dataprogram innan 3 månader.
Resultat: Det er gjennomført opplæring på alle som er meldt inn for opplæring.
- Vi skal revidere kommunen sin arkivplan slik at denne vert tilpassa nye krav om elektronisk lagring og vurdere innføring av elektronisk arkiv.
Resultat: Tiltaka er starta opp og vil verte ferdigstilt i 2011.
- Vi skal greie ut behovet for lokale til fjernarkiv etter 2011.
Resultat: Utgreiingsarbeidet er gjennomført, og oppgradering av lokale til fjernarkiv i kommunehuset vert gjennomført i 2011.

3.12.2 Støtteining økonomi og personal

Innhald i støtteininga

Støtteininga omfattar drift og utvikling av økonomisk planlegging og styring, rekneskap, løn, skattar og avgifter. Innanfor desse fagfelta skal eininga leggje til rette, støtte og utføre oppgåver for tenesteeiningane. Eininga har 10 årsverk.

Drift og rekneskapsresultat

Eininga har eit samla mindreforbruk på kr. 246 000.

Ansvar 640 Økonomiavdelinga

Området har eit mindreforbruk på 246.000 . Av dette innsparing på løn med kr.,86.000 som skuldast vakansar, auka inntekter kr. 164.000 som skuldast innkrevjing av fleire store rentekrav og auka intersal til Sogn regionråd. Det er eit mindre meirforbruk på varer og tenester med kr. 4000. Betaling for arbeidsgivarkontrollen er 90.000 mindre enn budsjettet som følgje av redusert aktivitet.

Andre driftstal:

	2008	2009	2010
Leverandørbilag	10 698	10 967	11 593
Hovudbokbilag	5 338	5 003	6 491
Kundefaktura	15 719	15 877	16 291

Skatterestansar pr 31.12:	2008	2009	2010
Restanse forskotsskatt, person i % av utskriven skatt	5,96%	3,01%	5,69%
Restanse i % av utlikna restskatt, person	9,31%	8,84%	7,37%
Restanse i % av utlikna restskatt	1,25%	0,92%	2,64%

Resultatmål

Økonomi

- Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.
Resultat: Eininga har eit mindreforbruk på kr 246 000, sjå punktet ovanfor om drifts- og rekneskapsresultat.
- Vi skal halde fristane i høve fakturering
Vi greidd å halde fristane for fakturering i samsvar med innfordringsmanualen.
- Det skal ikkje sendast fordringar med feil til inkasso.
Resultat: Det vart sendt 120 saker til inkasso, av desse vart 8 trekt attende.

Medarbeidar/interne prosessar

- Vi skal halde fristane i årshjulet.
Resultat: Eininga har halde 86% av fristane i årshjulet.
- Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.
Resultat: Det er gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.
- Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.
Resultat: Sjukefråværet på eininga var i 2010 på 3,2 mot 1 % i 2009.
- Vi skal ha planlagt innføring av nytt rekneskaps-, løns- og personalsystem med tanke på produksjonssetjing i 2011.
Resultat: Kommunane Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster samt fylkeskommunen gjekk saman om ei felles innkjøp av nytt rekneskaps-, løns- og personalsystem. Visma Unique vart valt og det nye systemet var planlagt teke i bruk frå 1 januar 2011. Oppstart vart av ymse årsaker utsett til 1 april 2011.
- Vi skal innføre eigedomsskatt for heile kommunen
Resultat: Det er innført eigedomsskatt i heile kommunen.
- Vi skal auke bruken av lærlingar med 2 nye stillingar i 2010
Resultat: Det vart oppretta to nye lærlingavtaler i 2010. Ein tidlegare lærlingavtale vart avslutta hausten 2010
- Vi skal samordne kompetansekartlegging i heile kommunen i samband med at vi får nytt system
Resultat: Resultatmål er utsett til 2011 og knytt til kjøp av nytt personalsystem

3.12.3 Fag og utvikling

Innhald i eininga

Tenesteområdet omfattar støttefunksjonar innan ulike område som pedagogisk konsulent, overordna arealplanlegging, sekretariat for Sogn regionråd, det regionale ikt prosjektet, beredskap og folkehelseprogrammet. Eininga inneheld og kostnader knytt til rådmannsgruppa og tenesteområda norskopplæringa og flyktingtenesta. Eininga har 19,7 årsverk.

Drift og rekneskapsresultat

Eininga har eit samla mindreforbruk på om lag kr 3 314 000, sjå omtale under kvart ansvar.

Administrasjon fag og utvikling – ansvar 700

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på om lag kr 378 000. Av dette er det eit mindreforbruk på løn på kr. 326 000 som skuldast vakante stillingar, mindreforbruk varer og tenester kr. 52 000 og ikkje budsjetterte inntekter frå fylkeskommunen med kr. 314 000. Inntekter festeavgifter er kr. 195 000 mindre enn budsjettert. I tillegg er det i 2010 føreteke avskrivning av gamle krav med til saman kr. 199 000 som er førde på dette ansvaret.

Felleskontor grunnskule – ansvar 710

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på om lag kr. 1 132 000. Dette skuldast i hovudsak mindreforbruk på frukt og grønt., reduserte utgifter til leige av symjehall, reiser og reduserte utgifter til elevar i andre kommunar.

Spesialpedagogiske tiltak i skulen – ansvar 711

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på om lag kr. 23 000. Dette skuldast reduserte driftsutgifter.

Personalpolitiske tiltak – ansvar 720

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr. 134 000 som skuldast innsparing på løn med kr. 45 000 og innsparing varer og tenester med kr. 89 000.

Norskopplæringa – ansvar 730

Ansvarsområdet har eit samla mindreforbruk på kr. 1 139 000 . Utgifter til norskopplæringa skal dekkast av inntekter og bruk av norskopplæringsfondet. Årsaka til mindreforbruket er at det var budsjettert med netto utgift på 1 139 000.

Flyktingtenesta – ansvar 730 og 731

Ansvarsområdet har eit samla mindreforbruk på om lag kr. 398 000 som skuldast mindre bruka av støttekontakt/leksehjelp, utsett oppstart av rettleiarstillinga ved Sogndal ressurscenter og auka husleigeinntekter i høve til budsjettet.

Resultatmål 2010

Økonomi

- Vi skal ikkje ha avvik i høve til budsjettet.
Resultat: Eininga har eit mindreforbruk på kr. 3 314 000, sjå punktet om drift og rekneskapsresultat.

Medarbeidar

- Vi skal ha gjennomført medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling.
Resultat: Det er gjeve tilbod om medarbeidarsamtale for alle tilsette i meir enn 20% stilling. Ein person ønskte ikkje medarbeidarsamtale.
- Sjukefråværet på eininga skal liggje under gjennomsnittleg sjukefråvær for kommunane.
Resultat: Sjukefråværet på eininga er på 3,4% mot 7,9% i 2009. Landsnittet er på 9,4%.
- Sakspapira til Sogn regionråd skal vere sendt ut seinast 2 veker før møta og protokollen seinast 1 veke etter møtet.
Resultat: Resultatet oppnådd for 2 av i alt 6 møte.

Utviklingsoppgåver

- Vi skal i løpet av 2010 ferdigstille kommuneplanen sin samfunnsdel.
Resultat: Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteken i kommunestyret den 21.10.11
- Vi skal gjennomføre planlagde regionale ikt prosjekt (Feide, digitalt skulesamarbeid, oppgradering av nettsidene, BEST prosjektet, Norsk Helsenett og internkontroll og informasjonstryggleik) og planlegge innføring av fullelektronisk arkiv.
Resultat: Feide, digitalt skulesamarbeid og oppgradering av nettsidene er ferdigstilt som regionale

prosjekt. Dei andre tre prosjekta er starta opp og vil verte ferdigstilt i 2011. Fullelektronisk arkiv vil verte prøvd ut på nokre område først i 2011 grunna behov for oppgradering av program.

- Vi skal revidere/oppdatere regional ikt strategi
Resultat: Arbeidet starta opp hausten 2010, og vil verte ferdigstilt i 2011.
- Vi skal revidere kompetanseplan for skulen.
Resultat: Tiltaket er utsett til 2011 i påvente av nytt personalsystem med verktøy for kompetansekartlegging
- Vi skal greie ut alternativ til ordinær undervisning for ”teoritrøytt” elevar.
Resultat: Vi har laga oversikt over alternative undervisningsarenaer og klarlagt kommunen sitt ansvar i slike saker.
- Vi skal utarbeide plan for SFO, medrekna gratis leksehjelp.
Resultat: Kommunal plan for SFO vart vedteken i kommunestyret den 21.10.10 . Ordninga med innføring av gratis leksehjelp vart vedteke av formannskapet den 15.04.10. Ordninga vart sett i verk frå hausten 2010.
- Vi skal evaluere og vurdere PP tenesta som ein del av eit pedagogisk utviklingssenter.
Resultat: Tiltaket er utsett til 2011 mellom anna for å få ei avklaring av mogleg vidareføring at Sogn regionråd si skule- og barnehagesatsing.
- Vi skal utarbeide eigen rekrutteringsplan for skulane.
Resultat: Tiltaket er utsett til 2011 i påvente av nytt personalsystem med verktøy for kompetansekartlegging.
- Vi skal følgje opp strategisk skuleplan og ”Sats på skulen – snu Sogn” programmet med vekt på tilpassa opplæring/læringsstrategiar, overgang ungdomsskule/vidaregåande skule, dei regionale nettverka og å styrke samhandlinga mellom skuleeigar og skuleleiar.
Resultat: Sjå 10 på topp.
- Vi skal busette minst 20 flyktningar i 2010.
Resultat: Vi har busett 20 personar i 2010, dei fleste frå Sogndal statlege mottak. I tillegg har det vore busett 8 flyktningar i samband med familiesameining.
- Vi skal utvikle norskopplæringa til å verte eit senter for norskopplæring i regionen
Resultat: Vi har gjeve tilbod om norskopplæring på kveldstid og har samarbeidd med NAV om enkelt deltakarar som snart er klar for arbeid. Vi har hatt dialog med nabokommunane om samarbeidsavtale om kjøp av tenester og vi har teke del i fylkessamarbeid om etterutdanningstilbod for tilsette i norskopplæringa.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Vi viser til vedtak i kommunestyret om at årsmelding skal omhandla HMT-målsettingar og HMT-nøkkeltal. Nøkkeltala er: sjukefråvær, medarbeidartilfredsheit og tal medarbeidersamtaler.

Auke i tal utført årsverk frå 2009 til 2010 er 20 årsverk. Dette gjeld i hovudsak skulane i sentrum, barnehage, helse- og sosiale tenester.

Eining:	2008	2009	2010
IKT - Tenestetorg	8,9	8,7	8,9
Kultur	6,9	7,3	5
Kommunalteknikk	28,3	29	31
Plan og næring	8,37	9	11
Helse	17,8	20	
Sosial	53,4	55	
Helse- og sosiale tenester			62
Barn og unge			19,5
Pleie/omsorg	111	120	113
Barnehagar	53,5	44	49

Fjærland	7,1	8	8
Norane	12	13,9	14
Kaupanger skule	31,1	28,8	29,5
Skulane i sentrum	74,43	69,8	77,4
Økonomi	9,6	10	10
Fag og utviklinga	10,6	14,5	19,7
	433	438	458

Sjukefråvær

Tabell 2

Type fråvær pr år	2008	2009	2010
Fråvær 1 - 16 dagar	1,4	1,7	1,4
Frå 17 - 56 dagar	1,1	0,8	1,1
Fråvær over 56 dagar	4,8	2,9	2,3
Fråvær	7,3	5,5	4,9

Sjukefråværet for 2010 er 4,9 %, ein nedgang frå 2009 då fråværet var 5,5%.

Tabell 3

SJUKEFRÅVÆRSUTVIKLING 2008 - 2010			
Eining	2008	2009	2010
Tenestetorg	2,6	2,8	3,3
Kultur	2,4	1,1	0,5
Plan og næring		1	1,8
Kommunalteknikk	7,7	4,3	5,9
Barne og unge	12,3	9,5	4,4
NAV			0,4
Helse og sosiale tenester	7,6	7,3	5,5
Pleie og omsorg	10,5	6,2	7
Barnehagane	6,9	5,1	6,1
Fjærland Oppvekstsent.	11,6	7,9	3,6
Norane Oppvekstsent.	5,8	4,9	4,5
Kaupanger skule	1,8	3,5	2,3
Skulane i sentrum	6,3		
Trudvang skule		3,8	4,4
Sogndal ungdomsskule		6,5	1,9
Økonomi	1,5	1	3,2
Fag /utvikling	4,6	7,9	3,4
Samla	7,3	5,5	4,9

Tabell 4 Alder Tal tilsett Muleg dagsv. Fråværs%

Alder	Tal tilsett	Muleg dagsv.	Fråværs%
-20	0,3	79	0,0%
20-29	41,1	10 434	4,8%
30-39	90,2	22 500	5,8%
40-49	133,4	33 240	4,2%
50-59	119,1	29 652	4,9%
60-69	63,5	15 767	5,4%
Samla	448,0	111 767	4,9%

Tabell 5 - Sjukefråværet fordelt på kjønn:

Kjønn	2008	2009	2010
Kvinner	7,90 %	6 %	5,50 %
Menn	4,30 %	3,90 %	3,30 %

Kvinnene sitt fråver er redusert med 0,5 prosentpoeng, menn med 0,6 prosentpoeng.

Det vert jobba aktivt med oppfølging av sjukmelde og det vert rapportert kvartalsvis. Rapporten vert sendt leiargruppe, avdelingsleiarar, verneombod, tillitsvalte og AMU. Korttidsfråværet har vore stabilt dei siste åra, langtidsfråværet har hatt ein fin og jamn nedgang, noko som viser at det er god oppfølging ute i einingane. Det er eit godt samarbeid med NAV, som bl.a. bidreg inn mot einingane, deltek i leiar- og personalmøte, oppfølgingsmøte og arbeidar tett opp mot personalavdelinga. Lite av fråværet er arbeidsrelatert, men betre aktivisering /opplæring av verneombod vil gi meir kunnskap om og betre grunnlag for planlegging av førebyggjande tiltak i forhold til denne type fråvær. Auka nærvær gir auka kvalitet på tenestene.

Av tiltak for å redusere sjukefråvær kan vi nemne trening for utsette grupper i arbeidstida, konsultasjon og treningsrettleiing av fysioterapeut, tilrettelagt trening for alle 1 gong i veka.

Hovudverneombod:

Hovudverneombodets viktigaste rolle er å vere talerøyr for arbeidstakarane i verne- og arbeidsmiljøspørsmål. I 2010 har hovudverneombodet delteke aktivt i verneområda. Det vert lagt til rette for 2 verneombodssamlingar kvart år. Fokus på desse samlingane skal vere oppdatering frå 40-timars kurset og verneombodet si rolle i verksemda.

Inkluderande arbeidsliv

Sogndal kommune vart inkluderande arbeidslivsverksemd 01.02.03. Ny IA-avtale vart lagt fram i november 2010.

Delmål 1 Sjukefråvær

- Utarbeide mål for sjukefråværsarbeidet og sette resultatmål for sjukefråværsutviklinga.
- Etablere etterprøvbare aktivitetsmål

Delmål 2 Personar med redusert funksjonsevne

- Setje aktivitetsmål for oppfølgings- og tilretteleggingsarbeidet ovanfor eigne arbeidstakarar med redusert arbeidsevne, for å førebygge overgang frå arbeid til passiv ytingar.
- Setje aktivitetsmål for korleis vi skal opne for personar som NAV har avklart og som har behov for utprøving av sin arbeids- og funksjonsevne i det ordinære arbeidsliv.

Delmål 3 Avgangsalder

- Ha eit livsfaseperspektiv som skal inngå som ein del av kommunen sin personalpolitikk og i det systematiske førebyggjande arbeidet.
- Setje aktivitetsmål for korleis kommunen kan stimulere eldre arbeidstakarar til å forlengje sin yrkeskarriere.

Seniorpolitikk:

I tillegg til senioravtalen, har det i 2010 vore fokus på å ha ein livsfasepolitikk som skal inngå som ein del av kommunen sin personalpolitikk og i det systematiske førebyggjande arbeidet gjennom:

1. Medarbeidarsamtalar .
2. Generell tilrettelegging av oppgåver og vilkår for den einskilde.
3. Ansiennitet i lokale tingingar - noko som gir utteljing for mange seniorar.
4. Treningstilbod kvar torsdag kl. 14.30. Målgruppe Tilsette som har stått lenge i jobb og som slit med skjelett og muskelsjukdomar.
5. Redusert pris for medlemsskap treningscenteret. Felles trening kvar tysdag kl. 16.00 Idrettssenteret (sykkel - styrke).

6. Informasjonsmøte kring pensjonsordningar (KLP/Statens pensjonskasse) for tilsette over 60 år.
7. Undervisningspersonalet: særskilt seniortiltak regulert i sentral avtale. Rett til å redusere /omfordele undervisningstida, utgjer 5,8% for lærarar 55+ og inntil 12,5% for lærarar 60+.

Tabell 6 Pensjonar

Nye uttak	2009		2010	
	Tal	Årsverk	Tal	Årsverk
AFP	6	4	6	3,8
Alderspensj.	4	2,8	4	3,8
Uførepensjon	5	2	8	3,4

Introduksjonskurs.

Det vert arrangert introduksjonskurs for alle nytilsette 3 gonger i 2010.

AKAN – Retningslinjer for AKAN-arbeidet i Sogndal kommune (rusmiddelpolitikk).

Retningslinjer for personretta/individuell arbeid/AKAN-avtale for Sogndal kommune vart vedteke i Arbeidsmiljøutvalet den 1.3.2010.

Røyke-kutt.

Det vart pr. 1.7.2010 innført røykfrie kommunale områder og tilsette vart tilbode røykestoppkurs.

Handbok helse, miljø og tryggleik

Handbok for helse- miljø og tryggleik vart sist oppdatert etter ny IA-avtale desember 2010.

Medarbeidarsamtale

Samtalane skal gjennomførast for tilsette i meir enn 20% stilling, dvs. alle fast tilsette. Det vart gjennomført samtalar for 80% av desse.

Medarbeidarundersøking

Det vert gjennomført medarbeidarundersøking kvart 2. år, neste undersøking kjem i februar 2011.

Tilsettedag

Det vert arrangert Tilsettedag kvart 2. år, der føremålet er å gi alle tilsette ei felles oppleving med fagleg og sosialt innhald, som kan gi inspirasjon og motivasjon i arbeidsdagen. Tilsettedagen vert neste gong arrangert 31. januar 2011.

Arbeidsmiljøutvalet

Utvalet hadde 3 møte i 2010 og handsama 6 saker.

Bedriftshelseteneste.

Sogndal kommune har for reinhald, kjøkken, vedlikehald og brann vore tilknytt Sogn Bedriftshelseteneste. Ny ordning frå 2010 seier at flesteparten av dei tilsette skal vere tilknytt ei godkjent bedriftshelseteneste. Sogndal kommune har i samarbeid med kommunane i Indre Sogn inngått forhandlingar med Sogn Bedriftshelseteneste om ny ordning.

Likestilling

Kommunen skal som arbeidsgivar gjere greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestillingen i verksemda. I følgje likestillingslova §1 a første og tredje ledd, så er alle kommunane pliktig å arbeide aktivt, målretta og planmessig for likestilling mellom kjønna innanfor verksemda.

Nedsett funksjonsevne:

Følgjande er nedfelt i kommunen sitt tilsetjingsreglement: "Arbeidstakar som har fått nedsett arbeidsevne skal vurderast omplassert til stillingar som vedkomande vert vurdert kvalifisert for. Ved

førerett skal stillingar ikkje lysast ut, men det skal gjerast omplassering.” I samsvar med IA- avtale og oppfølgingsrutinane er det i løpet av dei siste åra gjort ei rekke omplasseringar som har ført til at tilsette har fått nye varige arbeidsplassar og er blitt hindra å bli utstøyt frå arbeidslivet. Pr. i dag har vi ikkje registrert omfanget av dette, det vert teke inn i retningslinjene for rapportering av likestillingsarbeidet i kommunen.

Uønska deltid:

Sogndal kommune har vedteke retningslinjer for uønska deltid.

- Deltidstilsette skal melda frå om dei ønskjer utvida stilling
- Når ei stilling er ledig, skal det gjerast ein gjennomgang av arbeidsplanar og oppgåvefordeling for å vurdera samanslåing av deltidstillingar
- Det er ikkje ein føresetnad at den deltidstilsette skal måtta ta heile den ledige stillinga
- Det bør vurderast om deltidstilsette gjennom kompetanseheving kan kvalifiserast til å få utvida sitt arbeidstilhøve
- Ein må balansera kommunen sine fokusområde, dvs at ein må ta omsyn til både fleksibilitet, bemanning, rekruttering og brukaromsyn.
- Det skal 1 gong pr. år gjennomførast ei kartlegging som viser status for uønska deltid i kommunen, det er utarbeida eige skjema for dette.
- Målsetjinga er at stillingar under 50% skal prioriterast. Deretter ein auke til dei med stillingsprosent frå 50% og oppover.

Beskyttelse mot trakkasering

Som ein del av kvalitetsutviklingsarbeidet innførte kommunen i 2008 retningslinjer for varsling. Retningslinjene er innarbeidd i kommunen sitt arbeidsreglement, etiske retningslinjer og retningslinjer for introduksjon av nytilsette.

Kompetanseplan

Kommunen sin strategiske kompetanseplan gikk ut 2010. Det vil i løpet av 2011 bli gjennomført ei kompetansekartlegging for alle tilsette. Dette vil skje i samband med at kommunen får installert nytt personalsystem som gjer det muleg å handsama slik data. I etterkant av kartlegginga vil arbeidet med ny kompetanseplan for perioden 2011 – 2014 bli sett i verk. I samband med lokale tingingar 2010 vart 25% av lønspotten gitt som kompetansetillegg.

Integrering av innvandrarar

Kommunen har ei god utbygd flyktingteneste. Det er 3 tilsette, 2,6 årsverk. Det er innarbeida eit godt samarbeid med dei andre einingane i kommunen, der spesielt pleie og omsorg og kommunalteknikk har auka tilsette frå denne gruppa. Utover dette er det tilrettelagt aktivitetar som trening mm, saman med andre tilsette Dette tiltaket er pga. ulik kulturbakgrunn/religion, berre for kvinner. Utover dette er det ei eige symjegruppe. Tilsette i flyktingtenesta er aktive pådrivarar i arbeidet med å få integrert denne gruppa. Det er oppretta ulike tilbod om språkpraksisplassar og det er inngått eit nært samarbeid med NAV i forhold til jobbsøking m.m. Det er oppretta eiga kvinnegruppe, med fokus på kvinnene sine rettar i Noreg. Tilsette med innvandrarbakgrunn representerer i dag 19 nasjonalitetar i arbeid i kommunen.

Rekruttering:

Ved utlysing av ledige stillingar skal ein i einingar med skeiv kjønnsbalanse oppfordre det underrepresenterte kjønn å søke. Dersom søkjarar av begge kjønn er vurdert likt etter kvalifikasjonar, skal kvinner prioriterast når dei er underrepresentert i eininga. Kommunen har lik løn for likt arbeid i alle typar lønsfastsetjingar og som profil ved lokale lønstingingar.

Retningslinjer for uønska deltid.

Retningslinjer for uønska deltid vart vedtekne i administrasjonsutval 16.4.2010. Retningslinjene er innarbeida i personalpolitiske reglement og gjort kjende for alle tilsette. Leiar m/personalansvar

kartlegg og held oversikt over omfanget av uønska deltid i sin avdeling, og rapporterer status til tenesteleiar. Når ei stilling skal lysast ut, skal ein kvalifisert deltidstilsett som ønskjer utvida stilling, ha fortrinnsrett framfor eksterne kandidatar. Det er utarbeida skjema der deltidstilsette melder inn sitt ønske. Tenesteleiar rapporterer status knytt til reduksjon av uønska deltid i årsrapporten. Uønska deltid førekjem i hovudsak i einingar med turnusarbeid. Sjå tabell 12.

Tabell 7 viser fast tilsette, fordelt på kjønn, og årsverk, fordelt på ulike aldersgrupper.

	M			K			Total		
	Tal tilsette	Snitt alder	Årsverk	Tal tilsette	Snitt alder	Årsverk	Tal tilsette	Snitt alder	Årsverk
-20	1	20	0,20	1	20	0,3	2	20,00	0,50
20-29	10	26,7	8	47	27	34	57	26,58	42
30-39	28	35	19	102	35,8	72	100	35	91
40-49	42	46,8	30	136	45,7	103	178	45,8	133
50-59	26	54	22	132	55	103	158	55,1	125
60-69	27	63,5	18	99	63	48	100	63	66
Total	134	41	98	490	42	360	624	41	458,00

Tabellen viser at det er 624 fast tilsette, 78,5% av desse er kvinner og 21,4 % er menn. I 2010 var forholdet 79,7 % kvinner og 20,3% menn.

Tabell 8

viser tal tilsette, årsverk fordelt etter kjønn pr. eining/område i 2010

Arbeidstad	Tilsett	årsverk	Tilsett	Årsverk	Sum tilsett	Sum årsverk	% -del tilsette		% -del årsverk	
	K	K	M	M			K	M	K	M
Administrasjon	34	31	12	11	46	42	73,9	26,1	73,8	26,2
Kommunalteknikk	15	10	23	22	38	32	39,5	60,5	31,3	68,8
Plan/næring/brann	1	1	25	9	26	10	3,8	96,2	10,0	90,0
Kultur	7	5	0	0	7	5	100,0	0,0	100,0	0,0
Barnehagar	69	46,7	3	1,6	72	48,3	95,8	4,2	96,7	3,3
Helse /sosial	66	45	18	14	84	59	78,6	21,4	76,3	23,7
Barne/unge	33	18,3	3	1,7	36	20	91,7	8,3	91,5	8,5
Pleie/omsorg	150	112	3	3	153	115	98,0	2,0	97,4	2,6
Skule/sfo	122	91	40	36	162	127	75,3	24,7	71,7	28,3
Til saman	497	360	127	98,3	624	458	79,6	20,4	78,6	21,4

Tabell 9 - Deltid / heiltid

Deltid / heiltid	2009		2010	
	Deltid %	Heiltid %	Deltid %	Heiltid %
Pleie/omsorg	75,3	24,7	74,3	25,7
Komm.tek. Ute	29,4	70,6	32,4	67,6
Assistent barneh.skule, sfo	68,4	31,6	49,1	50,9
Helse/sosial	60,2	39,8	67	33
Barn og unge	63,1	36,9	70	30
Adm.stillingar	35,7	64,3	26,4	73,6

Tabellen viser at einingar innanfor pleie/ omsorg, barn og helse har størst del deltid.

Tabell 10 Fordeling kvinner og menn etter stillingsprosent.

Still.stør.	2009			2010		
	Andel kvinner	Andel menn	Totalt antall	Andel kvinner	Andel menn	Totalt antall
under 35%	48,3	51,7	64	46,8	53,2	47
35-60%	91,3	8,7	89	86,6	13,4	60
61-80%	91	9	165	92,4	7,6	149
81-99%	79	19	63	90,5	9,5	42
100 %	94	6	235	68	32	241
Totalt	100 %	100 %		100 %	100 %	
Totalt antall	488	128	616	490	134	624

Tabellen viser ein nedgang i deltidsstillingar, og ein auke i 100% stillingar.

Tabell 11 Kjønnsbalanse og løn i stillingsnivå og sektor								
Stillingsnivå		Kjønnsbalanse			Løn (heile tusen)		Løn %-	
		K %	M %	Antal	K	M	K	M
Kommunen totalt	2010	78,5	21,5	624	363	385	95	100
	2009	79,7	20,8	616	350	370	94	100
Toppleiing (eks. rådmanns leiargruppe)	2010	41	59	12	466	525	89	100
	2009	41	59	12	445	508	88	100
Mellomleiar (eks. einings-leiingar)	2010	75	25	20	466	457	100	98
	2009				440	435	100	98
Kat. 1 Utdanning utover 4 år.	2010	73	27	82	439	463	95	100
	2009				428	450	95	100
Kat. 2 Høgare utd. 1- 4 år	2010	85	15	192	380	407	94	100
	2009				370	390	94	100
Kat. 3 (Eks. faglærte)	2010	70	30	152	317	320	99	100
	2009				310	318	97	100
Kat. 4 (eks. ufaglærte)	2010	88	12	123	332	341	97,3	100
	2009				308	330	94	100

Tabell 11 viser at menn i Sogndal kommune i gjennomsnitt tener 5,8% meir enn kvinnene. Den største forskjellen finn ein i leiargruppa. Noko av grunn til dette kan skuldast at løn til leiarar vert fastsett etter storleik på eininga og at menn har ein større del av større einingar.

Sektorar		Kjønnsbalanse			Løn (heile tusen)		I %	
		K %	M %	Antal	K	M	K	M
Administrasjon	2010	73,8	26,2	46	387	414	93,0	100,0
	2009	64,9	35,1	37	380	401	94,7	100,0
Kommunaltekn	2010	39,5	60,5	39	313	335	93,0	100,0
	2009	28,9	71,1	38	301	320	94,0	100,0
Plan/næring	2010	3,8	96,2	22	380	437	91,0	100,0
	2009	3	97	17	365	425	86,0	100,0
Kultur	2010	100	0	7	370	---	100,0	0,0
	2009	100	0	8	345		100,0	
Barnehagar	2010	96,7	3,3	74	345	307	100,0	88,0

	2009	97,3	2,7	74	330	295	100,0	89,0
Barn og unge	2009	91,7	8,3	37	378	403	94,0	100,0
	2010	81	19	21	360	390	92,0	100,0
Helse/sosial	2010	78,6	21,4	84	375	371	100,0	99,0
	2009	68,8	31,3	99	360	365	98,6	100,0
Pleie/omsorg	2010	98	2	153	342	402	85,0	100,0
	2009	98,2	1,8	168	330	390	84,0	100,0
skule/sfo	2010	75,3	24,7	162	409	433	94,0	100,0
	2009	74,3	25,7	154	390	416	93	100,0
Antal tilsette	2010			624				
	2009			616				
		Andel kvinne	Andel menn					
Ufrivillig deltid	2010	97,5	2,5					
	2009	100						
Foreldrepermisjon	2010	94	6					
	2009	93	7					
Sjukefråver	2010	5,5	3,3					
	2009	6	3,9					
Fråver grunna sjuke barn	2010	94,4	5,6					
	2009	90,7	9,2					
Seniortiltak	2010	75	25					
	2009	74	26					
Integrering fremandspråklige - tal	2009	81	29	47 tils.				
	2010	84	16	33 tils.				

Ufrivillig deltid

Pleie /omsorg 2008	Pleie/omsorg 2010	Helse /sosial 2008	Helse /sosial 2010
44 %	23 %	40 %	24 %

Indeks for likestilling.

Statistisk sentralbyrå utarbeidar kvart år ein likestillingsindeks. Den samanfatar ulike mål på likestilling som viser i kva grad kvinner og menn deltek i politikk, utdanning og yrkesliv i kvar kommune. Indeksen inkluderer fleire indikatorar. Kvar kommune får ein skår som varierer frå 0,0 (som ingen likestilling) til 1,0 (full likestilling). Alle indikatorar vert slått saman til ein samleskår, slik at ein kan sjå noko om kva grad av likestilling som er i ein kommune.

1 = den fjerdedelen av kommunane med høgast skår (108 kommunar med skår som varierer frå 0,696-0,776).

2 = den fjerdedelen med nest lågast skår (109 kommunar med skår som varierer frå 0,641-0,670)

3 = den fjerdedelen med lågast skår (106 kommunar med skår som varierer frå 0,538-0,640)

Utifrå Indeks for likestilling i kommunane 2010, utgitt av SSB, ligg Sogndal kommune som innbyggarkommune i gruppe 2 med ein indeks på 0,654.

3.12.4 Politisk verksemd

Innhald i tenesteområdet

Tenesteområdet inneheld politisk styring, overformynderi, forliksråd og andre nemnder og utval.

Drifts og rekneskapsresultat

Området har eit meirforbruk på totalt kr. 99 000

750 Politisk styring

Området har i sum eit meirforbruk på kr. 40 000. Det er eit meirforbruk for varer og tenester med kr. 82 000 og overføring til regionrådet med kr. 45 000. For løn er det eit mindreforbruk på 63 000 og for overføringar til andre er det eit mindreforbruk på kr. 24 000.

760 Overformynderiet

Meirforbruk 16.000 skuldast at advokathonorar er dobla sidan 2009.

769 Andre nemder og utval

Meirforbruk 43 000. Skuldast i hovudsak eit ikkje budsjettert tilskot til eldrerådet til opparbeiding av skjerna uteområde ved sos på kr. 30 000. I tillegg er det mindre avvik på varer og tenester.

Kommunestyret har i 2010 hatt 6 møte og handsama 55 saker. Det er same tal møte som året før, og 25 fleire saker enn i 2009. I løpet av året har kommunestyret fått meldt inn 2 spørsmål/interpellasjonar og 11 spørsmål i samband med open spørjetime. Kommunestyret har hatt dialog-/kommunestyreseminar i april- møtet. I tillegg har følgjande vore tema på møta i løpet av året: Folkehelse for alle.

Regionsenterutvikling..

Presentasjon av Botsforkonferansen

Ungdomsundersøkinga 2010.

Sogndal kommune som skuleeigar og vertskommune for fleire skular.

Formannskapet har hatt 15 møte og har handsama 105 saker. Dette er same tal møte som året før og 35 fleire saker enn i 2009.

Forvaltningsutvalet har hatt 9 møte og handsama 105 saker. Det er same tal møte som året før, og 3 færre saker enn i 2009.

Administrasjonsutvalet har hatt 2 møte og handsama 4 saker i 2010. Det er eit møte meir enn året før og 2 saker meir enn i 2009.

Sakskomitear/dialogmøte avslutta i 2010:

Namn på sakskomitè:	Oppnemnd dato:	Tal medlemar	Tal møte:	Avslutta/vedtak:
Parkeringsordninga i Sogndal sentrum.	04.06.2009	5	5 i 2009 2 i 2010	29.04.2010. K. sak 7/10. (journalpost 09/1620)
Retningslinjer for bruk av sentrumsparken	15.10.2009	4	1 i 2009 / 2 i 2010	29.04.2010. K. sak 8/10, (journalpost 09/2736)
Kommunal plan for Skulefritidsordninga –SFO	21.01.2010	5	11	21.10.2010, K.sak 40/10 (journalpost 10/95)
Dialogmøte 2009 – Helse, sosiale tenester, pleie og omsorg.	15.04.2010	8	1	Kommunestyreseminar 28.04.2010. (journalpost 10/1154)
Dialogmøte 2009 – skule, barnehage og kultur	15.04.2010	8	1	Kommunestyreseminar 28.04.2010. (journalpost 10/1155)
Dialogmøte 2008-Kommunalteknikk, plan og næring, fag og utvikling.	15.04.2010	9	1	Kommunestyreseminar 28.04.2010. (journalpost 10/1156)

Oppnemnde sakskomitear i 2010:

Namn på sakskomitè:	Oppnemnd dato:	Tal medlemar	Tal møte:	Avslutta/Vedtak:
Kommunal strategi for innhald og oppgåver i	19.08.2010	5	4	Skal handsamast i kommunestyre i april 2011. (journalpost 10/2356)

barnehagen 2011 - 2014				
Eigarskapsmelding - sakskomite	23.09.2010	5	(første møte i jan-2011)	Legg opp til handsaming i kommunestyre 28.04.2011 (journalpost 10/2974)

Vedlegg nr. 1

ÅRSMELDING KRAFTFOND II

Etter fondet sine vedtekter §5 andre avsnitt skal årsrekneskap for kraftfond II leggjast fram saman med kommunen sin rekneskap og godkjennast av kommunestyret. Med det fullstendige rekneskapsoversyn skal vere vedlagt ei skrifteleg analyse av fondsforvaltinga i vedkommande rekneskapsår, og ein tilsvarende plan for det nye året. Dette vil inngå som ein del av årsmeldinga om verksemda for fondet og skal, etter handsaming i formannskapet, leggjast fram som ein del av kommunen sitt årsoppgjær. Årsoppgjær for 2010 vert lagt fram som ein del av kommunen sitt årsoppgjær, og formannskapet som fondsstyre handsamar dette i ei sak, med tilråding til kommunestyret.

Årets avkastning:

Avkastning bank	kr	211 354
Avkastning pengemarknadsfond/ obligasjonsfond/aksjefond	kr	1 289 817
Renter på lån Sogndal fotball AS	kr	445 585
<u>Sum avkastning</u>	kr	<u>1 946 756</u>

Verdipapirfond: Sjå note 10 i rekneskapen s.12

Grunnkapitalen skal kvart år aukast med eit så stort beløp at realverdien av kapitalen vert oppretthalden dvs tilsvarende auke i konsumprisindeksen. Av årets avkastning er kr. 1 178 092 avsett til grunnkapitalen og kr. 768 664 til avkastningsfondet.

Bruk av avkastingsfond 2010 og budsjettert bruk 2011.

Investering	Rekneskap 2010	Budsjett 2011
Anlegg ved Kaupanger ferjekai	204 238	
Friområde Hagelin	7 112	
Mundal sentrum	51 894	
	<u>263 244</u>	
Drift		
Tilgang til fjorden	64 000	225 000
Tilskot Hodlekve skisenter	300.000	300 000
Bygdebok Kaupanger		100 000
Plan for mjuke trafikkantar		100 000
Auka løyving fellesrådet		150 000
Studentveka 2011-03-04		25 000
Badeanlegg		50 000
Demensskulen		50 000
	<u>364 000</u>	<u>1 000 000</u>

Grunnkapital pr. 31.12.2010

Grunnkapital - investeringsfond

<u>IB 01.01.2010</u>	<u>16 295 454</u>
<u>UB 31.12.2010</u>	<u>16 295 454</u>

Grunnkapital - driftsfond

IB 01.01.2010	3 601 746
Avsetjing – disp. av overskot 2009	497 000
<u>Avsetjing 2010</u>	<u>1 178 092</u>
UB 31.12.2010	5 276 838

Grunnkapital - Utlån:

Sil-Tribuna	16 105 790
Kaupanger idrettslag	2.000.000
Sum utlån	18 105 790

Avkastningsfond 31.12.2010

IB 01.01.2010	7 817 610
Avsetjing - disp overskot frå 2009	355 492
Avsetjing 2010	768 664
<u>Bruk av fond 2010</u>	<u>-627 244</u>
UB 31.12.2010	8 214 521

Plassering av fondsmidler pr. 31.12.2010

Midlar kr. 7,67 mill er plassert i Sparebanken Sogn og Fjordane med vilkår tilknytt 1 mnd. Nibor + margin, kr. 2,66 mill er plassert i i obligasjonsfond, kr. 4,18 mill i pengemarknadsfond og 7,06 mill i aksjefond. Plassering i rente- og aksjefond har gitt ein gjennomsnittleg avkastning 10,2%. (jf. Note 10 i rekneskapen). Pr 31.12.2010 er 17,8% av grunnkapitalen (eks. utlån) plassert i aksjefond og 82,2% i bankinnskot, pengemarknads- og obligasjonsfond. Kommunen sin finansstrategi er vedteken med ei norm på 25% i aksjefond og 75% i bankinnskot, pengemarknads- og obligasjonsfond.

Grunnkapital	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Ubunde investeringsfond	41 867	34 254	34 253	34 253	32 276	17 625	15 845	16 295	16 295
Ubunde driftsfond					3 151	3 151	3 151	3 151	3 602
Utlån SIL-Tribuna						15 331	15 855	15 856	15 856
Utlån Kaupanger IL							2 000	2 000	2 000
Sum grunnkapital	41 867	34 254	34 253	34 253	35 427	36 107	36 851	37 302	37 753
Avkastning									
Årleg avkastning	1 459	3 251	1 192	4 120	3 713	2 089	2 197	1 167	378
Akkumulert avkastning	1 459	4 710	5 902	10 022	13 735	15 824	18 021	19 139	19 517

Grunnkapital	2009	2010
Ubunde investeringsfond	16 295	16 295
Ubunde driftsfond	3 602	5 277
Utlån SIL-Tribuna	16 106	16 106
Utlån Kaupanger IL	2 000	2 000
Sum grunnkapital	38 003	39 678
Avkastning		
Årleg avkastning	2 145	2 035
Akkumulert avkastning	21 662	23 697

Vedlegg 2:

Utvalde kostratal for tenesteområda

	Sogndal			Gruppe 8
	2008	2009	2010	2010
Kultur				
Netto driftsutgifter i prosent av totale netto driftsutgifter	3,7	3,3	3,4	3,7
Netto driftsutgifter per innbyggjar i kr.	1186	1148	1280	1331
Plan og næring				
Brutto driftsutgifter til fysisk tilrettelegging og planlegging (funk. 301,302,303) pr. innbyggjar i kr.	543	567	550	613
Tal meldingar om tiltak motteke siste år pr 10000 innbyggjar i kommunen.	73	75	45	82
Gjennomsnittleg sakshandsamingstid byggesaker (ant. dagar)	25	16	30	37
Netto driftsutgifter mot brannar og andre ulukker pr. innbyggjar	465	518	635	541
Netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet pr innbyggjar i kr.	167	-62	82	131
Netto driftsutgifter til tilrettelegging av bistand for næringslivet i % av samla netto driftsutgifter pr innbyggjar	0,6	-0,2	0,2	0,4
Kommunalteknikk				
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. km kommunal veg og gate i kroner	91767	110048	122317	98352
Driftskostnader vatn pr tilknytt innbyggjar	1374	1030	2074	848
Driftskostnader avløp pr tilknytt innbyggjar	729	666	1300	991
Barn og unge				
Netto driftsutgifter per. innbyggjar 0-17 år	3339	3998	3673	5481
Barn med undersøking eller tiltak pr. årsverk	12,6	17,1	19,5	23,7
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod barn og unge pr.innbyggjar	185	191	184	136
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod barn og unge pr.innbyggjar 6-18 år	1038	1079	1066	751
Helse og sosial				
Netto driftsutg. pr. innbyggjar i kr. kommunehelsetenesta	1646	1637	1669	1630
Netto driftsutgifter i % av samla netto driftsutgifter	5,2	4,7	4,4	4,5
Korrigerte driftsutg. til sosialtenesta pr. mottakar	41827	32535	37022	30896
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottakar	29218	21028	24353	30851
Pleie og omsorg				
Netto.driftsutgifter pr.innbyggjar i kr	11440	13001	14220	12396
Andel plassar i einerom, institusjon (%)	100	78,4	78,4	97,3
Andel innbyggjarar 80 år og over som er i institusjon	83,3	75	75,8	67,1
Korrigerte brutto driftsutg. pr.mottakar av kjernetenester til heimebuande i kr.	173888	169294	260853	204159

Korrigerte brutto driftsutgifter institusjon pr kommunal plass	736622	809054	839541	875775
Barnehagar				
Netto.driftsutgifter i barnehagesektoren i % av kommunen sine totale netto driftsutgifter	2,5	2,8	1,5	2,0
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	92,3	92,5	91,5	89,2
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner pr barn i kommunale barnehagar	118576	121740	124875	138762
Skule				
Korrigerte brutto driftsutgifter grunnskuleundervisning pr. elev	63482	68418	75307	72010
Korrigerte brutto driftsutgifter grunnskule pr. elev (inkl. lokale/skyss)	77670	85157	91705	87406
Gjennomsnittleg gruppestorleik 1- 4 årstrinn			11,9	13,4
Gjennomsnittleg gruppestorleik 5-7. årstrinn			12,5	13,1
Gjennomsnittleg gruppestorleik 8-10. årstrinn			13,4	15,1
Politisk verksemd				
Brutto driftsutgifter politisk styring og kontrollorgan pr. innbyggjar	345	396	361	303